

Giske kommune
Digital økonomiplan
2019 – 2022



GREITT Å VITE



OM BUDSJETTET



ØKONOMI



Greitt å vite



Frie inntekter

Skatt på inntekt og formue	-226 553 000
Ordinært rammetilskudd	-237 483 000
Skatt på eiendom	-11 700 000
Andre direkte eller indirekte skatter	0
Andre generelle statstilskudd	-13 608 100
Sum frie disponible inntekter	-481 344 100

Driftsresultat

I mill. Kr
614 075
Totale
driftsinntekter

I mill. Kr
592 859
Totale
driftsutgifter


I mill. Kr
4,3
Netto
driftsresultat

Netto Driftsresultat i prosent
av brutto driftsinntekter 2019

0,70 %



Fordeling mellom områda



K-066/18 Vedtak

1. Giske kommunestyre godkjenner økonomiplanen for 2019 – 2022 inkludert årsbudsjettet for 2019 og forpliktande plan 2019:

- Driftsbudsjettet for 2019 vert godkjent med ei samla netto ramme på **kr 432 163 560**.
- Investeringsbudsjettet for 2019 vert godkjent med samla nettoinvesteringsramme på **kr 71 557 364**.
- Kommune sine skatter for 2019 skal skrivast ut etter dei høgast lovlege satsar.

2. Giske kommunestyre godkjenner at det i 2019 vert tatt opp rammelån på inntil **kr 70 257 364** til investeringar og inntil kr 8 000 000 i Husbanken til vidare utlån.

3. Giske kommunestyre vedtek at avdrag på kommunen si lånegjeld i 2019 skal innbetalast med berekna minimumsavdrag jf. kommunelova § 50 nr. 7.

4. Giske kommunestyre godkjenner trekkrett med ei ramme på 75 mill. kr.

5. Giske kommunestyre gir:

- Giske formannskap fullmakt til å gjere endringar i investeringsbudsjettet mellom prosjekt og rammeområde innanfor den samla investeringsramma som er vedteke ovanfor.
- Giske kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å omdisponere lønsmidlar avsett på ansvar 1300 Felles drift til andre rammeområde/ansvar i budsjettet.

6. Eigedomsskatt:

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2019:

1. Faste eigedomar i heile kommunen.
2. Verk og bruk: Det vert skrive ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med ein sjuandedel i 2019 (overgangsregel til §§ 3 og 4 første ledd første pkt).
3. Eigedomsskattesatsen er 2 ‰.
4. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar.
5. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt skal kommunen nytte skattevedtekter for Giske kommune som blir utarbeidde av den valde skattetakstnemnda.
6. Prinsipp og retningsliner for taksering og framlegg til typar bygningar som skal fritakast for eigedomsskatt i Giske kommune går fram av reglar som er utarbeidde av den valde sakkunnige nemnda.

Første setning i pkt. 2 under "Samfunnsutvikling" vert endra til:

I arbeid med utvikling av Giske-samfunnet skal kommunen, etter idéar frå Island, ta initiativ til fempartsprosjekt med føremål å utvikle trygge og gode oppvekstmiljø for barn og unge.

Giske kommunestyre set ned eit utval på tre personar som innan 1. mai skal legge fram forslag til godtgjersle for ordførar, varaordførar og andre politiske verv. Utvalet skal leiast av leiaren for kontrollutvalsekretariatet. Ein representant vert oppnemnd av formannskapet. Rådmannen er fast medlem og sekretær.

Auke i ramme til prosjekt 5605 Skulevegen med kr. 12 189 696. Av dette vert kr. 2 000 000 finansiert med meir i refusjon frå fylket, kr. 8 469 364 gjeld VAR-investeringar som skal finanserast med auke i låneopptak og resten, kr. 1 720 332 skal

finansierast med bruk av kraftfond.

Det vert oppretta eit fond på kr. 1 000 000 til prosjekt Gjørund hamn ved overføring av beløpet frå fondsmidlar (kraftfondet).

Giske kommunestyre forventar at ingen heildøgns plassar innan pleie og omsorg vert lagt ned.

Generelt om økonomiplanen og årsbudsjettet

Økonomiplanen ein lovheimla plan, som skal syne korleis kommunen disponerer sine inntekter til drift og investeringar over ein 4-årsperiode. Økonomiplanen gir ikkje løyvingar men er retningsgjevande for planlegging og budsjettarbeidet. *Det første året i planen er alltid det komande årets budsjett.* Grunnlaget for planen er konsekvensjusterte (framskrivne) rekneskapstal for det driftsåret ein er inne i basert på driftsrekneskapen pr 30. juni. Grunnlaget er deretter korrigert slik:

- Lønn er lagt inn i med heilårsverknad av lønnsoppgjeret for 2018. Det er i tillegg lagt inn ein venta vekst på 3,2 % i lønn for 2019.
- Same ramme til den einskilde eining ihøve justert budsjett for 2018.
- Kommunestyrevedtak og kjende endringar som påvirker drifta vert innarbeidd.
- Endringar i tenestetilbod og oppgåvedeling som følger av statsbudsjettet for det komande året.

Arbeidsmåten gjer at vi får fram den økonomiske verknaden av reduserte rammes til den einskilde eining. Denne er grunnlag for tiltakslistene som vert utarbeidd, som syner kva verknader dei tildelte rammene har for tenesteytinga.

Om økonomiplanen.

Økonomiplanen er heimla i kommunelova § 44:

- Kommunestyret skal ein gong i året vedta ein rullerande økonomiplan.
- Økonomiplanen skal omfatte minst dei fire neste budsjettåra.
- Økonomiplanen skal omfatte heile kommunen si verksemd og gi ei realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden.
- I økonomiplanen skal det for kvart einskild år visast til dekning for dei utgifter og oppgåver som er oppførte.
- Kommunestyret vedtek økonomiplanen og endringar av denne på grunnlag av innstilling frå formannskapet.
- Formannskapet si innstilling til økonomiplanen skal ligge ut til offentleg ettersyn i minst 14 dagar før den blir handsama i kommunestyret. Dette gjeld likevel ikkje ved innstilling som gjeld endringar i økonomiplanen.
- Vedteken økonomiplan og endringar av denne skal oversendast til departementet v/fylkesmannen til orientering. Økonomiplanen har si forankring i kommunen sine overordna planar som kommuneplan, tema-/fagplanar og kommunedelplanar. Gjennom økonomiplanen skal målsetjingar i desse planane iverksetjast.

Om årsbudsjett.

Budsjettet for kommunen er ein plan over utgifter og inntekter til drift og investeringar i det komande året. Det er bindande for kommunen sine politiske og administrative organ. I kommunelova §§ 45 - 46 er det m.a. sagt følgjande om årsbudsjettet:

- Kommunestyret skal innan utgangen av året vedta budsjettet for det komande året.
- Kommunestyret vedtek sjølv årsbudsjettet og endringar i dette. Vedtaket blir gjort på grunnlag av innstilling frå formannskapet.
- Innstillinga til årsbudsjettet med alle dei framlegg til vedtak som ligg føre skal leggjast ut til alment ettersyn i minst 14 dagar før det blir handsama i kommunestyret.
- Kommunestyret sitt vedtak om årsbudsjett med saksdokument skal sendast til departementet v/fylkesmannen til orientering.

- Krav om budsjettheimel på tidspunktet for utbetaling gjeld ikkje for utbetalingar som kommunen er rettsleg forplikta til å foreta.
- Årsbudsjettet skal omfatte heile kommunen si verksemd.
- Årsbudsjettet skal vere realistisk. Det skal utarbeidast på grunnlag av dei inntekter og utgifter som kommunen kan forvente i budsjettåret.
- Årsbudsjettet skal vere stilt opp på ein oversiktleg måte. Kommunestyret sine prioriteringar samt dei målsettingar og premisser som årsbudsjettet byggjer på skal kome tydeleg fram.
- Årsbudsjettet skal vere inndelt i ein driftsdel og ein investeringsdel.
- Det skal budsjetterast med eit driftsresultat som minst er tilstrekkelig til å dekke renter, avdrag og nødvendige avsetningar.
- I årsbudsjettet kan det avsettast midlar til bruk i seinare år.
- Departementet kan gi nærare reglar om årsbudsjettet og innstilling til årsbudsjettet.

Ytre vilkår for den kommunale økonomien

Ytre vilkår for den kommunale økonomien.

Statlege rammeoverføringar og skatteinntekter (frie inntekter) er den viktigaste inntektskjelda til kommunane. For Giske kommune utgjer desse overføringane i 2019 kr 464 036 000. Overføringa inneheld eit veksttilskot på kr 608 000, dette er ikkje meldt vidareført i 2019. Det er innarbeidd i økonomiplanen. Samla overføring inneber ein auke på kr 22 977 000 eller 5,2 %.

Ei oversikt over regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for kommunane, følgjer som vedlegg til økonomiplanen. Viktige element i statsbudsjettet som har/vil få verknad for Giske kommune vert likevel nemnde her:

- Opptappingsplan Rus
- Opptappingsplan habilitering og rehabilitering
- Tidleg innsats i grunnskulen
- Heva innslagspunkt før kommunane får kompensert for ressurskrevande brukarar
- Nasjonal norm for lærartetthet

Normalt vert ikkje statlege tiltak som kommunane skal iverksetje finansiert fullt ut. Dette gir ein effektiviseringsgevinst i kommunal sektor, som ikkje er rekna på.

Utviklinga i rentenivået påverkar også den kommunale økonomien i sterk grad. Tilsvarande gjeld resultatane av lønsoppgjera og kommunen sine pensjonskostnader, samt reglar for føring av premieavvik og amortisering av premieavvik.

Kommunen har plasseringar av kapital i aksjar og obligasjonar og endringar i aksjemarknad og avkastning av obligasjonar påverkar den kommunale økonomien. Ustabilitet i aksjemarknaden ser vi effekt av. Om kommunen berre skal overvake situasjonen eller i verksette mulege tiltak vil verte drøfta i formannskapet.

› Kommuneplanen og økonomiplanen

Økonomiplanen er handlingsdelen til kommuneplanen, og skal syne korleis kommunestyret prioriterer dei økonomiske ressursane for å nå måla som er nedfelte i kommuneplanen. Gjennom samfunnsdelen i kommuneplanen har kommunestyret tatt stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for samfunnet som heilskap og for kommunen som organisasjon. Det er vald fire satsingsområde for perioden 2014 – 2026:

Giske kommune skal

- vere ein god plass å bu
- ha gode levekår
- vere ein god næringskommune
- ha eit rikt kulturliv

Det gjennomgåande perspektivet, som er grunnleggande i vårt daglege arbeid og skal syne att i dei prioriteringane som vert gjort, skal vere å (Samfunnsplanen, kap. 4 –s 6)

- fremje god folkehelse
- legge til rette for universell utforming og tilgjenge for alle
- legge til rette for god oppvekst for barn og unge
- ha fokus på energisparing og reinare miljø
- ha låg risiko og sårbarheit

› Visjon og verdigrunnlag

Eit viktig fundament for kommunen sitt arbeid er visjonen og verdigrunnlaget. Kommuneplanen og dermed økonomiplanen skal vere tufta på desse.

Vår visjon: **Giske kommune – ein engasjert medspelar.**

Giske kommune skal vere den gode samspelkommunen. Politisk og administrativt skal vi søke å få til gode og løysingsorienterte samarbeid, som bidreg til at kommuneplanen sine mål vert realiserte.

Vårt verdigrunnlag:

Arbeidet vårt skal vere prega av

- respekt
- engasjement
- løysingsvilje
- kvalitet

Vårt slagord:

Historisk og framtidsretta

- **Historisk** fordi vi tek vare på dei verdiane vi har i kultur og natur.
- **Framtidsretta** fordi vi skaper og grip mogelegheitene som ligg framfor oss.

› Hovudutfordringar og strategisk arbeid i planperioden

Nokre utfordringar for sektoren i åra som kjem:

- Ressursknappheit, både økonomi og personell.
- Digitalisering og auka bruk av teknologi i tenesteytinga.
- Automatiserte tenester og auka bruk av sjølvbetente løysingar.
- Endra kompetansebehov – redusere talet på ufaglærte, rekruttere fleire med profesjons- og universitetsutdanningar. Det er auka konkurranse om denne kompetansen.

Dei nasjonale utfordringane til sektoren er framleis knytt til reformarbeid, digitalisering av sektoren og overføring av statlege oppgåver til kommunane. Overføring av oppgåver inneber mellom anna auka ansvar for rehabilitering og lokal behandling av fleire somatisk og psykisk sjuke pasientar. Dette gjev trong for auka spesialisert kompetanse innanfor helse- og omsorgstenestene. Samstundes løyser det ut trong for og stiller større krav til tverrfagleg samarbeid og heilskapleg tenking kring behandling. Livsløps-tenking må stå sentralt i vårt arbeid.

Dei lokale utfordringane er knytt til høg lånegjeld og å sikre ei berekraftig økonomisk utvikling. Frå 2017 er Giske innmeld i ROBEK, registeret for kommunar som får særskild økonomisk oppfølging frå staten. Innmeldinga i ROBEK inneber skjerpa fokus på økonomistyring. Kommunen må godtgjere at balansen i økonomiplanen er i samsvar med kravet i kommunelova, dvs. at det er realisme i budsjetteringa. Realisme inneber at inntektene dekker forventa utgifter og at forventa utgifter gir forsvarleg drift.

Kommune-Norge er i endring for alle – anten ein er på veg inn i ny kommune eller har vald å gå vidare aleine. Giske valde å gå vidare aleine og vert dei næraste åra prega av endringar som følger av Nye Ålesund. Nære samarbeidspartar gjennom mange år er i ein periode framover innover-vende for å finne løysingar på utfordringane knytt til å slå saman fem ulike organisasjonar.

Konsekvensane av dette valet vil verte tydelegare for oss dei komande åra og gjer at Giske må vurdere eigen evne til å møte framtida som sjølvstendig kommune. Klarer kommunen å møte nye oppgåver og endra faglege krav innan alle tenesteområda innanfor dei stramme økonomiske rammene vi har? Vil kommunen også i åra som kjem vere framoverlent og utviklingsretta?

Kommunestyret sin ambisjon og svar på utfordringa er å vere aktiv og synleg i høve interkommunalt samarbeid.

Giske 2020 vil levere gode tenester til innbyggjarane og vere langt framme med digitale og teknologibaserte tenester. Dette føreset kompetente tilsette, evne til å gjere organisatoriske endringar og vilje til kontinuerleg å ta ut effektane som følger av teknologiske løysingar og arbeidsmetodar som vert valde. Dei næraste åra vil vere vår prøvetid i så måte.

Omstilling, digitaliserte tenester og teknologibasert tenesteutvikling

Det strategiske arbeidet for å møte framtidige utfordringane er forankra i kommuneplanen. Trongen for vekst i tenestene er sterkare enn veksten i dei økonomiske ressursane som er tilgjengelege. Dette er ei nasjonal utvikling som må løysast på kommunalt nivå. Vi vil i aukande grad erfare at tenester vert levert som digitale eller teknologibaserte løysingar, for å frigjere menneskelege ressursar til oppgåver som ikkje kan erstattast med teknologi.

Giske kommune skal halde fram med omstillingsprogrammet i planperioden. Programmet legg til grunn utvikling av organisasjon og tilsette gjennom endra arbeidsdeling, nye arbeidsmetodar, kompetanseutvikling både hos tilsette og brukarar, automatisering av oppgåver og sjølvbetente løysingar.

Omstillingsprogrammet skal bidra til målsetjinga om å redusere driftsutgiftene på permanent basis. Kommunen må bygge opp fond og etablere drift på eit sunt økonomisk nivå. Kommunestyret sin vedtekne økonomiplan 2019 -2022 legg opp til å gjennomføre reduksjonar i tenestene gjennom tiltak som:

- Å halde fram arbeidet med omstillingsprogrammet gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi.
- Ny organisasjonsstruktur der tverrfagleg samarbeid og kompetente fagmiljø bidreg til god kvalitet i tenesteytinga..
- Stabilitet i tal årsverk, reduksjon i innkjøp, tilskot til ulike føremål og endringar i struktur og nivå på tenester.

› Overordna mål og retning for dei kommunale tenestene i planperioden

Økonomi

1. Giske kommune skal vere ute av ROBEK i løpet av 2020.
2. Det skal vere økonomisk balanse i drifta kvart år i planperioden.
3. Netto driftsresultat skal vere 1,75% av brutto inntekter frå 2021.
4. Det skal setjast av til disposisjonsfond kvart år i perioden.
5. Disposisjonsfondet skal vere 10% av brutto driftsinntekter innan 2027.

) Tenester

1. Omstillingsprogrammet skal sikre kvalitet i alle ledd. Dette er ein grunnleggande tankegang i tenesteutviklinga til kommunen. I løpet av planperioden skal det utviklast kvalitetsplanar for kommunen sine tenester, der omstilling og digitale løysingar er sentrale element.
2. Gjennomføring av omstillingsprogrammet «Tenesteutvikling gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi» som starta i 2016, held fram. Lokal handlingsplan for digitalisering, vedtatt av kommunestyret i juni 2016 er grunnlag for arbeidet.
3. Kulturplan, Kvalitetsplan for oppvekst og Helse- og omsorgsplanen skal leggjast til grunn for vidare utvikling av tenestene.
4. Tverrfagleg samarbeid i og mellom fagområde skal leggjast til grunn for tilbod til brukarar med samansette behov. Kommunen skal sikre at tenestene vert tilstrekkeleg koordinert.
5. Innan utgangen av 2019 skal plan for ny administrativ hovudstruktur vere politisk behandla.

) Samfunnsutvikling

1. Giske kommune får ein ny og stor nabo i Nye Ålesund frå 01.01.2020. Dette gjer det nødvendig å avklare samarbeidsavtalar, kompetansekritiske forhold og tiltak for å utvikle Giske kommune vidare frå 2020.
2. I arbeid med utvikling av Giskesamfunnet skal kommunen, etter idéar frå Island, ta initiativ til fempartsprosjekt med føremål å utvikle trygge og gode oppvekstmiljø for barn og unge. Det offentlege, foreldre og nærmiljø skal ut frå sine ansvarsområde spele på lag for å oppnå dette målet.
3. Det er eit mål at innbygarane er sjølvhjelpete lengst mogeleg og har realistiske forventningar til kva kommunen kan levere av tenester. Gjennom dialog, medverknad og engasjement skal ein saman definere grensene for kva det offentlege kan tilby og kva den enkelte må ta ansvar for gjennom tilrettelegging ved livsendringar. Frivillige lag og organisasjonar har ei naturleg rolle i dette arbeidet.
4. Innbyggarmedverknad skal ha fokus ut over det som følgjer av lov og forskrift. Samspel med innbygarane skal ha høg prioritet. Tankegangen bak metoden «samskaping» skal nyttast som modell for arbeidet.

Personal og organisasjon

- Vi er avhengig av gode fag- og arbeidsmiljø for å tilby høg tenestekvitet. Fokus på nærværarbeid skal halde fram. Målet er at nærværprosenten i Giske kommune skal vere omlag 95 %.
- Giske kommune bruker KS si medarbeidarundersøking 10-faktor. Dei 10 faktorane måler dei tilsette si oppfatning av viktige forhold på arbeidsplassen og haldningar til og motivasjon for jobben. Tankegodset som ligg til grunn skal integrerast i utviklingsarbeid og handlingsplaner
- Arbeidet med å redusere ufrivillig deltid og skape ein heiltidskultur skal halde fram. Innan utgangen av 2020 skal alternative turnusordningar vere utprøvd for å nå målet om auka heiltid.
- Tre-partssamarbeidet er eit satsingsområde frå 2017. Det systematiske arbeidet fungerer betre enn tidlegare, - det er likevel eit behov for å halde fokuset oppe.
- Innan utgangen av 2018 skal det overordna HMS-systemet gjennomgåast og digitaliserast.
- Innan juni 2020 skal ny personvernforordning (GDPR) vere implementert i med digitale protokollar og e-læringsopplegg. Arbeid med personvern og informasjonssikkerheit skal ha eit spesielt fokus i planperioden.
- Det skal satsast vidare på leiiarutvikling. I planperioden skal følgjande tema vere satsingsområde:
 - digital leiing og innovasjonskultur
 - 10-faktor
 - meistringsorientert leiing
 - rekruttering

Kompetanseprofil, fordelt etter årsverk og alder

Tabellane som følger syner ei oversikt over tilsette i Giske kommune fordelt etter kompetanse/profesjon, tal tilsette/årsverk pr gruppe og alderssamansetjing. Tala er frå oktober 2018

Det er knytt kommentarar til kvar av tabellane, den grad tala ikkje talar for seg sjølv. Generelt oppsummert:

- Muleg aldersavgang i perioden kan verte opp til 112 personar. Avgang kjem innan alle kompetanseområda og opner for at organisasjonen kan dreie kompetanseprofilen i ønskt retning. For oppgåver der det er relevant vil automatisering av tenester erstatte tilsetjingar
- Ufaglært arbeidskraft finn ein i hovudsak innan barnehage og pleie/omsorg. Det er i denne gruppa ein finn relativt flest deltidstilsette
- Gjennomsnittleg stillingsstorleik er ca 74 %. I dette talet finn vi reelle deltidstilsette og tilsette som arbeider i to deltidsstillingar, som i sum gir tilnærma 100 % stilling. Det er viktig å få ei betre utnytting av det arbeidskraftpotensialet vi har i medarbeidarane våre ved å få redusert talet på deltidsstillingar. Samtidig kan deltidsstillingar også vere ei kjelde til rekruttering. Vi får styrka kompetansen totalt sett om vi får auka nærværprosenten, dette er noko som vi jobbar med kontinuerlig.

LOKAL STILLINGSKODE	Tal tilsette	Årsverk	>20	20 - 29	30-39	40-49	50-59	60-69	Mulege avgongar
Arbeidar	5	4,5			1	1	1	2	2
Brannkonstabel	26	0,53		1	9	8	5	3	3
Vaktmeister	8	7,5				1	4	3	3
Vaktmeisterassistent	2	0,78					2		
Sum vaktmeister	10	8,28	0	0	0	1	6	3	3
Reinhaldar	20	14,32		2	4	5		9	9
Merkantile/adm.ressursar*									
Konsulent	16	13,3		1	7	4	4	1	1
Saksbehandlar	23	19,88		2	2	4	9	6	6
Rådgivar	13	13		0	2	3	3	4	4
Seniorrådgivar stab	1	0,36						1	1
Sum	53	46,54	0	3	11	11	16	12	12

* Dette er stillingar knytt til fag, saksbehandling, merkantilt og administrativt arbeid i heile organisasjonen. Til dømes barnevern, teknisk, tildelingskontor, drift og stab.

16 konsulentar (13,3 årsverk) – dette er ikkje reine administrative stillingar, dei fleste er knytt opp mot fag: seks er i barnevern, to i 20 %- stillingar i MOT – prosjektet, ein i NAV – ruskonsulent, to fagkonsulent i psykisk helseteam – ein i kultur, ein som arbeider med funksjonshemma.

To er konsulentar ved økonomikontoret og to er konsulentar ved servicekontoret med oppgåver knytt til barnehage/anna) og pleie/omsorg, barnevern og tildelingskontoret.

23 saksbehandlarar – (19,88)årsverk) der seks personar (4, 75årsverk) arbeider ved servicekontoret. med oppgåver knytt til sentralbord, bustadlån, arkiv, post i tillegg til oppgåver for PPT, barnevern). Fire personar (3,6 årsverk) knytt til personal/løn og økonomi. Tre personar på NAV – saksbehandling. Ein på teknisk, ein på helsestasjon, to personar (to årsverk) på tildelingskontoret. Sju personar (ca. 3,5 årsverk) utfører merkantile oppgåver på einingsnivå.

13 rådgivarar – 13 årsverk , ei auke på tre frå i fjor. Det er i realiteten ein nyttilsett (systemintegratoren) Dei to andre har no nyttilsette med rådgivarkode medan forgjengarane hadde lektorkode og og miljøarbeidarkode.

Seniorrådgivar er kommunens jurist.

LOKAL STILLINGSKODE	Tal tilsette	Årsverk	>20	20 - 29	30-39	40-49	50-59	60-69	Mulege avgongar
Ufaglærte									
Assistent	3	2,5				1	0	2	2
Assistent SFO	21	6,65		2	4	4	6	5	5
Assistent skule	22	11,32		1	3	6	9	4	4
Assistent barnehage	12	9,69	1	1	1	1	7	1	1
Pleiemedarbeidar	62	20,18	9	15	15	13	4	6	6
Sum	120	50,34	10	19	23	25	26	18	18
Fagarbeidarar									
Helsefagarbeidar	26	19,16		4	5	7	4	6	6
Helsefagarb m fagskule	1	0,96				1			
Hjelpepleiar	40	27,64			4	13	14	9	9
Apotekteknikar	2	0,79		0	0	2	0	0	0
Fagarbeidar plo	6	4,09		1	1	1	2	1	1
Kokk	2	2				1	1	0	0
Omsorgsarbeidar plo	9	6,6			2	2	3	2	2
Miljøarbeidar	6	4,01			1	1	1	3	3
Barne- og ungd arb, barn	11	10,2			3	4	3	1	1
Barne- og ungd arb, SFO	14	9,77				4	6	4	4
Fagarbeidar bibliotek	1	0,5				1			
Fagarbeidar skule	5	2,9		1		3	1		
Fagarbeidar uteavd	4	4				1	1	2	2
Fagarbeidar SFO	4	1,5		1		3			
Sum	131	94,12	0	7	16	44	36	28	28

Tabellen over syner ufaglærte og fagarbeidarar fordelt etter teneste, alder og stillingsstorleik i høve til tal tilsette. Giske kommune har for mange ufaglærte. Vi arbeider målretta med å motivere ufaglærte tilsette til å ta fagbrev/høgskuleutdanning.

Vi ser at av tilsette i helse og omsorgstenesta er om lag 43,3 % utdanna frå høgskule/universitet, 33,2 % er faglærte og 23,5 % er ufaglærte. I desse tala er også konsulentar i barnevern og psykisk helseteam, lege, turnuslege og psykolog tatt med.

Giske kommune treng meir spesialisert kompetanse, særleg innan helse og omsorgssektoren. Det er ei gledelig utvikling av talet på spesialsjukepleiarar har auka frå 9 til 13.

I oppvekstsektoren er om lag 63,4 % utdanna frå høgskule/universitet, 14,2 % er faglærte og 22,4 % er ufaglærte.

Den siste tabellen viser tal på tilsette i toppleiing, stab og einingsleiing og avdelingsleiingar. I 2018 har vi hatt ein gjennomgang av leiarkodene – dei fleste har no avdelingsleiarkoder. Det er behov for ei sortering slik at vi tydeleg ser korleis talet på mellomleiingar er fordelt mellom dei ulike tenesteområda.

LOKAL STILLINGSKODE	Tal tilsette	Årsverk	>20	20 - 29	30-39	40-49	50-59	60-69	Mulege avgongar
Høgskule og universitet									
Miljøterapeut	27	24,63		3	8	7	7	2	2
Vernepleiar	2	1,92			2		0		
Barnehagelærer	6	5,3		1	1	4		0	0
Pedagogisk leiar	14	14,1		6	7			1	1
Tolk	1	1			1				
Fysioterapeut	4	2,7		1	2	1	0		
Ergoterapeut	2	1,5		2					
Sykepleier	48	38,62		8	12	13	10	5	5
Spesialsykepleier	13	11,48		1	3	4	4	1	1
Helsesøster	4	4,2				3	2		
Jordmor	2	1,3			1	1			
Spesialpedagog	0	0						0	0
Lærer utan godkjent utd	10	7,41		0	6	3	1	0	0
Lærer	5	4,8			1		2	2	2
Adjunkt	55	51,49		4	17	16	15	3	3
Adjunkt med tilleggsutd	50	47,26		8	12	17	7	6	6
Lektor	1	1			1				
Lektor med tilleggsutrd	3	3		0	1	0	2	0	0
Musikk- og kulturskulelærer	5	2,98			3		2		
Musikk- og kulturmedarbeidar	2	0,65				1	1		
Ingeniør	9	9		1	2	5	1	0	0
Ped. Psyk rådgivar	3	3				1	1	1	1
Psykolog	2	2		1	1				
Lege	5	0,79			3	1	1		
Turnuslege	1	1		1					
Sum	274	241,13	0	37	84	77	56	21	21

LOKAL STILLINGSKODE	Tal tilsette	Årsverk	>20	20 - 29	30-39	40-49	50-59	60-69	Mulege avgongar
Toppleiing									
Øverste adm leiar	1	1						1	1
Kommunalsjefar	2	2				1		1	1
Sum	3	3	0	0	0	1	0	2	2

LOKAL STILLINGSKODE	Tal tilsette	Årsverk	>20	20 - 29	30-39	40-49	50-59	60-69	Mulege avgongar
Stabs- og einingsleiing									
Stabsleiarar	4	4					2	2	2
Einingsleiarar	12	12				4	3	5	5
Sum	16	16	0	0	0	4	5	7	7

Team/avdelingsleiing									
Assisterande styrar	1	1				0	1		
Ledande helsesøster	1	1						1	1
Avdelingsleiar *	28	27,5			7	10	8	3	3
Nestleiar **	3	2,5			1	1	0	1	
Arbeidsleiar	3	3					2	1	1
Dagleg leiar SFO	5	4		1	2	1		1	1

LOKAL STILLINGSKODE	Tal tilsette	Årsverk	>20	20 - 29	30-39	40-49	50-59	60-69	Mulege avgongar
Leiande reinhaldar	1	1				1			
Rektor kulturskule	1	1			0	0	0	1	1
Sum	43	41	0	1	10	13	11	8	7
Summert	701	519,76	10	70	158	190	162	113	112

* skule (11), VaOms 5, VGG (3), BFH (4), Teknisk (3), Bibl (1), Førsk.team (1), Tild.kto (1)

** VGG, BFH, Teknisk

» Forpliktande plan

Giske kommunestyre vedtok i samband med behandling av rekneskapsplanen for 2014 å dekke inn årets meirforbruk på kr 9 139 575 i 2015. Då rekneskapsåret 2015 vart gjort opp med eit meirforbruk på kr 7 923 252 vart det ikkje høve til å dekke inn meirforbruket frå 2014. Dette medførte at Giske kommune frå hausten 2016 er innmeldt i «Register om betinget kontroll og godkjenning» (ROBEK) etter kommunelova § 60 nr 1 bokstav d.

Rekneskapsavslutninga for 2015 har eit akkumulert underskot på kr 17 062 828. I kommunestyresak 51/16 vart det vedteke å dekke inn underskot for 2014 innan 2018 og underskot for 2015 innan 2019:

År	Meirforbruk	Inndekning 2017	Inndekning 2018	Inndekning 2019
2014	9 139 576		9 139 576	
2015	7 923 252			7 923 252
	17 062 828	-	9 139 576	7 923 252

I økonomiplanen 2017 – 2020 er det lagt til grunn slik dekning av underskotet:

År	Meirforbruk	Inndekning 2017	Inndekning 2018	Inndekning 2019
2014	9 139 576	5 700 000	3 439 576	
2015	7 923 252		2 260 424	5 662 828
Sum	17 062 828	5 700 000	5 700 000	5 662 828

Ei inndekning ut over 2 år medfører at Giske kommune også blir innmeldt i «Register om betinget kontroll og godkjenning» (ROBEK) etter kommunelova § 60 nr 1 bokstav c.

Vurdering av årsak til underskot

Kommunen har gjennom fleire år hatt ei svært høg folketalsutvikling. Auka folketal gjev eit auka utgiftsbehov som i prinsippet skal verte kompensert gjennom inntektssystemet. Auken gjennom inntektssystemet kjem i etterkant av auken av utgiftene.

År	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
	6 647	6 777	6 873	7 029	7 149	7 312	7 541	7 739	7 924	8 094	8 171
	17	130	96	156	120	163	229	198	185	170	77

Meirforbruk i høve til budsjett	2014	Meirforbruk i høve til budsjett	2015
Vaksenopplæring	2 385 000	Vaksenopplæring	1 677 000
Private bhg	1 387 000	Private bhg	7 708 000
BFH Diagnose og beh	525 000	BFH Diagnose og beh	2 196 000
BFH Barnevern	407 000	Oppvekst	3 900 000
NTO Finanstrans	2 995 000	Premieavvik/pensjonskostnader	3 208 000
Lågare inntekt frå skatt/rammeoverføring	3 400 000	NTO Finanstrans	2 400 000
Overført til Private	1 650 000	Meir overført fra andre	-3 784 000
Mindre forbruk andre postar	-3 400 000	Mindre forbruk andre postar	-4 400 000
Meirforbruk	9 349 000	Flyktningtilskott ut over budsjett	-810 000
		høgare inntekt frå skatt/rammeoverføring	-4 300 000
		Meirforbruk	7 795 000

Tabellane over syner meirforbruket i høve til budsjett i 2014 og 2015. Kommunen hadde til dels store avvik på område der vi kjøper tenester frå andre. Det er tatt grep i høve til dei områda vi kan kontrollere:

- Vaksenopplæring – gjeld først og fremst introduksjonsordninga. Tenesta vart omorganisert og konkurranseutsett med verknad frå hausten 2016. Kommunen har gått sterkare inn med egne ressursar, etablert eit tettare samarbeid med NAV og kjøper no berre dei reine opplæringstenestene. Vi har og auka tal flyktningar vi tek i mot, slik at vi får utnytta den samla ressursen betre. Dette gir positiv økonomisk effekt.
- Tilskott til private barnehagar skriv seg frå underbudsjettering av tilskot til private barnehagar frå 2014 med 5,9 mill kr. I tillegg var det i rekneskapen for 2012 bokført ei fordring på dei private barnehagane med kr 2 836 925 på grunn av ei klagesak. Etter ferdigbehandling av klaga vart kr 1 099 183 innbetalt frå barnehagane gjennom reduserte utbetalningar i 2015, resten av fordringa kr 1 737 742 måtte utgiftsførast. Tilskotet til private barnehagar er auka og ser frå 2016 ut til å vere på rett nivå. Vi ser at utgiftene er høge samanlikna med andre kommunar i vår kommunegruppe, og vurderer om vi skal gjere noko med bemanningsnorma i dei kommunale barnehagane. Det er etter vår vurdering det einaste virkemidlet vi har for å få ned kostnadene til dei private barnehagane.
- Diagnose og behandling er kjøp av legetenester frå fastlegane. Både i 2014 og 2015 var det fråvær/permisjonar i fastlegeheimlar. Kommunen kompenserte dette gjennom avtale med dei andre legane. Situasjonen er tilbake til normal frå 2016
- Barnevern, utgifter til tenestene svingar og syner til dels store variasjonar frå år til år. Dette må kommunen ha som utgangspunkt for denne tenesta. Budsjettet vil derfor vere retningsgivande, men samstundes muleg å vike frå viss trong for teneste tilseier det.
- NTO Finanstrans. I 2014 vart det i tillegg tilbakeført 1,8 mill kr som tidlegare var inntektsført. Noko som i siste åra har stort sett vore underskot og budsjettet/økonomiplanen vert regelmessig justert i høve til den utviklinga vi ser i marknaden. Vi konstaterer store svingingar i kommunen sine finansinntekter over tid frå høge overskot til relativt store underskot. Budsjettet/økonomiplanen vert regelmessig justert i høve til den utviklinga vi ser i marknaden.
- Lågare inntekter frå skatt/rammeoverføring. Skatteinntektene til kommunen var gode i 2014, medan vi vart trekt i rammeoverføring. Trekket var høgare enn veksten i skatteinntektene. I 2015 var det ein svært god skatteinngang på landsbasis noko som gjorde at Giske kommune fekk 4,3 mill kr meir enn budsjettet.
- Overføring til privat er ein eingongsutbetaling i 2014.
- Meir overført frå andre er sjulelønnsrefusjon ut over løn- og sosiale kostnader, meir refusjonar frå andre kommuner og mindre overført til andre.

Kommunar som er meldt inn i ROBEK er pålagt å vinne att økonomisk balanse. Ein forpliktande plan må:

- Gjennomgå resultatområder og formidle kva som vil vere realistiske forventingar i tenester til innbyggjarane.
- Identifisere områder der endringar skal gjennomførast
- Skisserer utgiftsreducerande tiltak og andre tiltak som kan bidra til samsvar mellom inntekter og utgifter og inndekning av underskotet.

Giske kommune sine hovedutfordringar i økonomiplanperioden vil vere å:

- dekke inn underskotet
- tilpasse aktiviteten/utgiftene til inntektsramma
- vidareutvikle analyseverktøy for å skaffe gode styringsdata

Tiltak for å kome i balanse:

For 2019 har einingane budsjettet ut frå same ramme som i 2018. Einingane har utarbeidd tiltak som vert gjennomført for å kome ned på ny ramme. I budsjettet er det ikkje teke omsyn til prisauke på kjøp av varer og tenester. Dette vert rekna som eit tiltak til generell innsparing. Lønsvekst er i etterkant lagt inn med 3,2%.

Det er lagt opp til stillingsreduksjon innan dei fleste tenesteområda. Det er i dag ikkje muleg å seie korleis desse reduksjonane vil slå ut, men dei vil føre til endringar i tenestetilbodet. I tida fram til kommunestyret skal alle einingane vurdere kva endringar i tilbod og konsekvensar reduksjonane vil gi.

KONKRETISERING AV TILTAKA

Innsparing ved å halde fram med å innføre nye metodar og praksis i tenestene våre:

- Utvide bruk av kvardagsrehabilitering i tenestene
- Halde fram med tenesteutvikling gjennom digitalisering og bruk av teknologisk utstyr (undervisning, helsetenester, administrative støttesystem, saksbehandlar verktøy)
- Avslutte oppgåver som ikkje lengre er naudsynte å utføre, vektleggje løysingar som gjer sjølvbetening muleg
- Gjennom tildelingskontoret halde fram arbeidet med å sikre effektiv saksbehandling og rett nivå på tildeling av tenester innan pleie/omsorg
- Systematisk arbeid med å halde sjukefråveret på måltalet 5 %, gjennom fokus på nærvær og kultur på arbeidsplassane våre
- Vidareutvikle etablert praksis med tverrfagleg samarbeid innan og mellom fagområda
- Ny eining, Meistring og psykisk helse vert sentral i å vidareutvikle psykisk helseteam for barn og unge, og teamet sitt samarbeid med øvrige tenesteområde
- Gjennomgang og endring av strukturen innan dei ulike tenesteområda
- Effektivisering av saksbehandling basert på bruk av digitale verktøy og løysingar for sjølvbetening
- Endring i natt-tenesta
- Prioritere tidleg innsats og førebygging

Tiltak som er gjennomført

- Endring i natt-tenesta
- Omlegging av introduksjonsprogrammet og gjennom det redusere kostnader til introduksjon
- Vidareutvikle Psykisk helseteam for barn og unge, og teamet sitt samarbeid med øvrige tenesteområde
- Omorganisering av omsorgstenestene: Etablert ny eining "Meistring og psykisk helse"
- Det er gjennomført omprioriteringar i investeringsbudsjettet for å dekke akutte behov for klasserom på Vigra skule og Valderøy ungdomsskule

For detaljert informasjon om tiltak sjå det einskilde rammeområde med tal oppsett og presentasjon av strategiar for tilpassing av aktivitet/utgifter til inntektsramma.

Investeringsbudsjett

Når Giske Kommune no er innmeldt i ROBEK, må låneopptak godkjennast av fylkesmannen.

Kommunestyret sin vedtatt plan for investeringar for åra 2019 – 2022 er innanfor dei signaler som er gitt av fylkesmannen om at nye låneopptak ikkje må overskride årlig betaling av avdrag på langsiktig gjeld. Det er budsjettert med eit samla låneopptak på kr 69 788 000 . Av dette er kr 8 000 000 lån til vidare utlån (startlån). Lån til investeringar for 2019 vil medføre låneopptak på kr 28 453 878.

Låneopptak eksklusiv VAR området utgjer kr 29 552 250. Låneopptak til VAR sektoren utgjer kr 32 235 750.

Ut over prosjekt 5110 klima og energitiltak har kommunestyret sett av kr 3 870 000 til nødvendige påkostningar/tilpassingar på dei kommunale bygga.

I 1. tertial 2019 vil ein ha ein gjennomgang av prosjekt som vart starta i 2018 og som ikkje er ferdigstilte. Aktuelle prosjekt vil bli lagt fram i eiga sak og må finansierast gjennom ubrukte lånemidlar.

Løn- og prisauke (kommunal deflator) i statsbudsjettet for 2019.

Løns- og prisauke i kommunesektoren frå 2018 til 2019 (Kommunal deflator) er i statsbudsjettet rekna til 2,8 % med ein forventa lønsvekst på 3,25 %.

Administrasjonen sitt utgangspunkt for økonomiplanarbeidet går fram av budsjetttrundskriv til einingane.

I budsjettverktøyet ARENA vert alle lønsdata lest inn frå lønssystemet. Alle einingane har gått over dette grunnlaget og kontrollert og retta at alle faste tilsetje er komne med og at dei har fått rett årsløn, ansiennitet, stillingsprosent og eventuelle tillegg. Løna frå august var oppdatert med endringar etter sentralt lønsoppgjør og vart lagt til grunn for å berekne årslønna.

Det er ikkje budsjettet med sjukelønsrefusjon, og utgifter til vikar er rekna berre i dei tilfelle vikar vert sett inn ved sjukefråvere frå dag 1, det same gjeld der det er nødvendig med ferievikar.

Ut over å kontrollere lønsdata har einingane utarbeidd konsekvensjustert budsjett. I år skulle einingane konsekvensjustere ut frå same ramme som i 2018. Einingane har laga tiltak som syner kva endringar som må gjennomførast for å kome ned på same budsjettamme som i 2018. I budsjettet er det ikkje teke omsyn til prisauke på kjøp av varer og tenester. Dette vert rekna som eit tiltak til generell innsparing.

Einingane vart bede om å legge til grunn ein generell auke i kommunale betalingsatsar på 3%

I etterkant av av konsekvensjustert budsjett er det lagt inn lønsvekst med 3,2%. Av dette er 2,64% fordelt på einings- og tenestenivå. Resten av verknaden av lønsauke 2019 er lagt til ansvar 1300 FELLES DRIFT.

Løns- og prisauke i økonomiplan for åra 2019 – 2022.

I økonomiplanen for åra 2019 – 2022 er det ikkje lagt inn generell prisauke. Alle tal er i 2018 kroner. Lønsauke er lagt inn for 2019 med 3,2%.

Skatteinntekter og statlege rammeoverføringar.

Det er lagt inn fylgjande skatteinntekter og statlege rammeoverføringar økonomiplanen for 2019 - 2022:

Budsjettskjema 1A	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Skatt på inntekt og formue	-223 006 000	-226 553 000	-226 553 000	-226 553 000	-226 553 000
Ordinært rammetilskudd	-218 053 000	-237 483 000	-237 910 000	-237 814 000	-237 836 000
Skatt på eiendom	-13 000 000	-11 700 000	-11 700 000	-11 700 000	-11 700 000
Andre generelle statstilskudd	-16 682 000	-13 608 100	-13 608 100	-13 608 100	-13 608 100
Sum frie disponible inntekter	-470 741 000	-489 344 100	-489 771 100	-489 675 100	-489 697 100

Andre generelle statstilskott er fordelt med kr 2 400 000 i rentekompensasjon skule/kyrkjebygg og statstilskott flyktningar med kr 11 208 100.

Brutto driftsresultat, netto driftsresultat og korrigert netto driftsresultat

Vedtatt budsjett for 2019 viser eit brutto driftsresultat på kr 21 216 022 og eit netto driftsresultat på kr 4 319 641. Eit anbefalt netto driftsresultat på 1,75% av driftsinntekter ville til samanlikning vere kr 10 798 826.

Kommunen har utgifter til kommuneval i 2019 og stortingsval i 2021 som er innarbeidd i framlegget til økonomiplan.

Ved utrekninga av renteutgifter er det nytta verktøy frå Kommunalbanken og Norges Bank sin renteprognoose ligg til grunn for utrekninga. Ved berekning av gevinst av finansielle instrument er det i gjennomsnitt brukt 4 %, noko som føreset same risikoprofil som i 2019.

Eigedomsskatt.

På grunn av kommunen sin økonomisk situasjon, vart det frå 2014 innført eigedomsskatt i Giske Kommune med 2% . Det er ikkje lagt inn ei auke av satsen. Ved utrekning av eigedomsskatt er det teke hensyn til endringar i regelverk for verk og bruk som medfører ein nedgang. Det er også teke hensyn til endring i obligatorisk reduksjonsfaktor frå 20% til 30% for eigedomsskattegrunnlaget for bustader og fritidsbustader. Eigedomsskatten vil i 2019 utgjere kr 11 700 000.

Finansiering

Ansvar	Beskrivelse	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
9000	SKATT PÅ INNTEKT OG FORMUE	-223 006 000	-226 553 000	-226 553 000	-226 553 000	-226 553 000
9100	EIGEDOMSSKATT	-13 000 000	-11 700 000	-11 700 000	-11 700 000	-11 700 000
9200	STATLEGE RAMMETILSKOT	-218 053 000	-237 483 000	-237 910 000	-237 814 000	-237 836 000
9250	ØVRIGE GENERELLE STATSTILSKOT	-2 400 000	-2 400 000	-2 400 000	-2 400 000	-2 400 000
3600	ANDRE STATLEGE RAMMEOVERFØRINGAR	-6 000				
9300	STATSTILSKOT FLYKTNINGAR	-14 276 000	-11 208 100	-11 208 100	-11 208 100	-11 208 100
9400	FINANSIERING (KAPITAL)	-	-	-	-	-
9450	FINANSINNTEKTER-/UTGIFTER (DRIFT)	59 986 276	52 860 899	57 205 457	58 706 886	59 148 752
9460	AVSKRIVINGAR	-33 872 508	-35 969 518	-35 969 518	-35 969 518	-35 969 518
9475	KALK. RENTER/AVDRAG	-3 296 000	-5 366 244	-5 366 244	-5 366 244	-5 366 244
9550	DISPOSISJONSFOND (DRIFT)	0	843 530	3 884 743	1 593 371	1 357 448
9600	OVERFØRING TIL KAPITALREKNESKAPEN	1 250 000	1 250 000	1 250 000	1 250 000	1 250 000
9700	Tidlegare års driftsresultat	5 700 000	5 662 828	-	-	-
9750	Årets reknskapsm overskot/underskot	-	-	-	-	-
6200	AVSETNING/BRUK AV VASSVERKFOND	262 936	-366 058	-366 058	-366 058	-366 058
6300	BRUK AV AVLØPSFOND	-1 438 379	-2 680 655	-2 680 655	-2 680 655	-2 680 655
6400	AVSETNING/BRUK AV RENOVASJONSFOND	449 665	-386 689	-386 689	-386 689	-386 689
6350	AVSETNING/BRUK AV SLAMFOND	-44 079	-95 813	-95 813	-95 813	-95 813
5000	Avsetning til bunde sjølvkostfond byggesak	48 867	231 064	231 064	231 064	231 064
5410	Avsetning til bundne sjølvkostfond oppmålingsforr	193 100				
5310	Bruk av næringsfond bruk av bundne driftsfond	-185 000	-185 000	-185 000	-185 000	-185 000
5410	Bruk av bundne sjølvkostfond Feiing og tilsyn	-371	58 607	58 607	58 607	58 607
5410	Bruk av bundne sjølvkostfond Oppmålingsforretning		-517 173	-517 173	-517 173	-517 173
1400	AVSETNING TIL NÆRINGSFOND	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000
9450	Avsetning til bundne driftsfond	25 000				
9450	Avsetning renteinntekter tilfluktsromfond	5 000	5 000		5 000	5 000
	Brutto finansiering	-441 156 493	-473 499 322	-472 203 379	-472 897 322	-472 713 379
9460	AVSKRIVINGAR	33 872 508	35 969 518	35 969 518	35 969 518	35 969 518
9475	KALK. RENTER/AVDRAG	3 296 000	5 366 244	5 366 244	5 366 244	5 366 244
	Netto finansiering	-403 987 985	-432 163 560	-430 867 617	-431 561 560	-431 377 617

Skatt og statlege rammetilskot

Det er i 2019 budsjettert med kr 464 036 000 samla i skatt og rammetilskot. Viser her til tabell og kommentarar innleiingsvis. Det er brukt KS sin prognosemodell versjon 1804KS. Det er lagt inn veksttilskot med kr 608 000 i 2019, det er ikkje grunnlag for å legge inn veksttilskot for resten av økonomiplanperioden.

Øvrige generelle statstilskot

Det er budsjettert med kr 2 400 000, og er rentekompensasjon for "skule-pakkane" og "kyrkje-pakkane", og kompensasjons-tilskot i samband utbygging av omsorgsbustader. Dette er basert på prognose innhenta frå Husbanken, som betaler ut dette ca. 20. desember kvart år.

Statstilskot flyktningar

Det er budsjettert med kr 11 208 100. Dette er statstilskot som skal dekke kommunen sine utgifter i samband med mottak av flyktningar og introduksjonsprogram for desse. Dette føreset at vi ikkje har fråflytting og at ein greier å busetje 10 nye i 2019.

Finansinntekter / finansutgifter og lån

Det er budsjettert med kr 26 011 777 i renteutgifter på egne lån. Vidare kr 1 000 000 i renteutgifter på formidlingslån med tilsvarande budsjettert renteinntekter. Ved utrekning av rentekostnadar er det brukt Norges Bank si prognose for utviklinga av renter.

Vidare er det budsjettert med kr 33 334 122 i avdragsutgifter på lån til kommunale investeringar.

Det er budsjettert med kr 7 520 000 i avkastning på finansplasseringar, renter bankinnskot, renteinntekter kundar og renteinntekter på formidlingslån. Av dette er kr 4 400 000 avkastning på kommunen sine langsiktige finansplasseringar. Det er då teke utgangspunkt i kommunen sitt kraftfond og ei avkastning som føreset av vi må halde same risikoprofil som vi har per i dag.

Kommunen sitt kraftfond utgjer per 31.12.2018 kr 105 783 000, medan marknadsverdien av kommunen sine langsiktige plasseringar var pr. 30.09.2017 på kr 116 774 000. Dette er plassert i aksjar 28 %, og obligasjonar / bank / pengemarknad 72 %.

Pr. 30.9.2019 hadde dei langsiktige plasseringane ei positiv avkastning på kr 2 867 000.

Avskrivningar

Avskrivningane har motpost på utgiftssida på dei ymse ansvarsområde (hovedart 15 finansutgifter). Avskrivningar er budsjettert med kr 35 969 518.

Kalkulatorisk rente

Dette er kalkulatoriske renter innan vatn, avløp og renovasjon (VAR-området), som også har motpost på desse budsjettområda. Kalkulatoriske renter er budsjettert med kr 5 366 244.

Disposisjonsfond

Det er i 2019 satt av kr 843 530 til disposisjonsfond.

Overføring til investeringsbudsjett.

Det er her budsjettert med kapitalinnskot til KLP kr 1 250 000.

Investeringsbudsjett.

Lånegjelda til investeringar vil pr. 31.12.2019 vil vere kr 1 036 523 242. Av dette vil ca. kr 220 000 000 gjelde lån innan vatn, avløp og renovasjon der renter og avdrag blir dekt av eigeomsavgifter, som tilsvarer avskrivningsgrunnlaget innan VAR-området.

Det er budsjettert med kr 78 257 364 i bruk av lån, av dette er kr 8 000 000 startlån frå Husbanken til vidare utlån.

Inntekter utover ordinær prisauke

Sjølvkostutrekningar for 2019 syner at desse gebyra har ein auke utover ordinær prisauke:

- Barnehage maksimalpris for heil plass og 20 auke for 80 % plass.
- SFO 7 %
- Kart- og oppmålingstenester: 18 %
- Bygge- og delesak: 20 %
- Plansaker 26 %
- Vassgebyr: 20 % tilknytning, 2 % abonnementsgebyr og 12 % forbruk
- Avløpsgebyr: 26 % tilknytning, 7 % abonnementsgebyr og 26 % forbruk
- Feiing 9 %
- Renovasjon redusert med kompost pluss 8,2 %

Lånegjeld. Renter og avdrag.

I framlegget til økonomiplan for 2019 – 2022 vil kommunen si lånegjeld ved utgangen av 2022 vere kr 1 074 714 747 og ha hatt ein auke frå 2018 med kr 75 114 742.

Ved utrekninga av kommunen sine renteutgifter er det teke hensyn til auka låneopptak i investeringsbudsjettet. Kommunen sine inntekter er ikkje justert opp med kommunal deflator kvart år, det betyr at deler av auken i finansutgifter ut over i økonomiplanperioden, vil kunne bli dekt av auka inntekter.

I ny kommunelov som vert gjeldande frå 1.1.2020 er det i økonomibestemmelsen forslag om ny metode for utrekning av minimumsavdrag, det er forventa at dette gir ein auke i avdragsutgiftene, det er ikkje teke hensyn til dette i økonomiplanen.

Renteinntekter og utbytte

Renteinntekter av bankinnskot og utbytte frå kapitalforvaltning budsjettert med kr 4 400 000 per år i heile planperioden. Dette inneber at kommunen har same risiko med kapitalplassering som i 2018, og at kommunen sitt kraftfond er uendra.

Bruk av disposisjonsfond.


Det er ikkje budsjettert bruk av disposisjonsfond i perioden.

Overføring Driftsmidlar frå driftsbudsjettet til Investeringsbudsjettet

Det er lagt inn kr 1 250 000 i overføring i 2019. Dette gjeld eigenkapitalinnskot i KLP.

Ut over dette er det ikkje lagt inn overføringar frå driftsbudsjettet til investeringar.

› Rammeområder



»1 Politisk styring

Teneste	1 POLITISK STYRING	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
1000	KOMMUNESTYRE OG FORMANNSKAP	1 924 318	2 001 983	2 001 983	2 001 983	2 001 983
1005	POLITISKE KOMITEAR	415 904	326 635	326 635	326 635	326 635
1010	DIVERSE UTVAL/STYRE/RÅD	271 905	271 905	271 905	271 905	271 905
1020	ELDRERÅD	84 702	56 177	56 177	56 177	56 177
1050	ØKONOMISK STØNAD TIL POLITISKE PARTI	45 000	45 000	45 000	45 000	45 000
1060	KOMMUNEREVISJONEN - KONTROLLUTVAL	903 500	919 580	919 580	919 580	919 580
1070	STORTINGS- OG KOMMUNEVAL	0	184 428	485	184 428	485
Sum	1 POLITISK STYRING	3 645 329	3 805 708	3 621 765	3 805 708	3 621 765

Rammeområde 1 omfattar tenestene:

- 1000 – 1070 som er kommunestyret, politiske komitear, formannskap, diverse rådsorgan, stønad til politiske parti, revisjon og kontrollutval samt finansiering av kommuneval og stortingsval.
- For kommunestyreperioden 2015 – 2019 er den politiske organiseringa endra. Det er no 3 komitear: helse/omsorg, oppvekst/kultur og teknisk/miljø.
- Inntektene på alle tenestene er momskompensasjon.

Dei økonomiske rammene innan rammeområdet er konsekvensjustert i høve til budsjett 2018. Det er tatt høgde for kommuneval 2019, og stortingsval hausten 2021.

Utfordringar i perioden

- vurdere komitéstruktur frå tre til to, og vurdere reduksjon av kommunestyret med fire medlemmer frå ny valperiode
- sette ned eit uavhengig utval, valgt av kommunestyret, for å vurdere godtgjersle for ordførar og øvrige politikarar



Giske rådhus

2 Kommuneleing - Stab

Teneste	2 KOMMUNELEIING - STAB	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
1200	RÅDMANN - KOMMUNALSJEFAR	3 622 067	3 980 337	3 980 337	3 980 337	3 980 337
1210	PERSONAL OG LØN	2 117 803	2 306 791	2 306 791	2 306 791	2 306 791
1220	ØKONOMI	3 910 202	4 218 966	4 218 966	4 218 966	4 218 966
1230	SERVICEKONTORET	2 632 109	2 546 955	2 546 955	2 546 955	2 546 955
1250	IKT	664 466	782 459	782 459	782 459	782 459
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	2 176 243	1 830 538	1 830 538	1 830 538	1 830 538
2110	FØRSKULE OG PRIVATE BARNEHAGAR	401 788	421 450	421 450	421 450	421 450
2120	GRUNNSKOLE	539 115	550 316	550 316	550 316	550 316
2412	PSYKISK HELSEVERN	0	99 077	99 077	99 077	99 077
2440	BARNEVERN TENESTE	236 774	231 181	231 181	231 181	231 181
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	468 322	485 875	485 875	485 875	485 875
	2 KOMMUNELEIING - STAB	16 768 889	17 453 945	17 453 945	17 453 945	17 453 945

Rammeområde 2 omfattar tenestene:

1200 – 1260 som er rådmann, kommunalsjefar og stabsfunksjonar. Stabs-/støttefunksjonar er knytt til planlegging, oppfølging og styring. Dette omfattar blant anna oppgåver knytt til økonomiforvaltning, personalforvaltning, informasjonsarbeid og fellesfunksjonar som post- og arkiv. I tillegg er merkantile driftsfunksjonar knytt til personalfeltet plassert her. Dette gjeld løn, sjukefråversregistrering/-rapportering og tilsetjingssaker.

Tenesteområdet har også ansvaret for å tilrettelegge for politiske og administrative beslutningsprosessar, verksemdsstyring, analyse og utredningsarbeid. I tillegg til driftsstøtte til verksemdene og kommunikasjonstenester.

Budsjettet til kommuneleing -Stab vert ikkje kompensert for demografiutvikling og vekst i øvrige tenesteområde. Tenesteområde må derfor jobbe aktivt med nødvendig omstilling og effektivisering.

- 2110 – 2120 er overordna utgifter knytt til oppvekstområdet.
- 2440 og 2540 er overordna utgifter knytt til helse-, omsorgs- og sosialtenestene.

Utfordringar i perioden:

- Omstilling og tilpassing til endra rammevilkår, både økonomisk og teknologisk.
 - Å oppnå maksimal gevinstralisering av innføring av nye digitale løysingar.
 - Digitalisering og automatisering av administrative oppgåver og forenkling av prosedyrer og prosessar.
- Metodisk og systematisk informasjonsarbeid, utvikle heimesida i kombinasjon med bruk av sosiale medier
- Etablere eit nytt og brukarvenleg intranett
- Tilrettelegge for døgnåpen forvaltning ved å betre innbyggardialogen slik innbyggerane i større grad kan vere sjølvhjelpete når det passar for dei uavhengig av åpningstid.

Resultatmål 2019:

- Halde fram arbeidet med omstillingsprogrammet «Tenesteutvikling gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi», vedtatt av kommunestyret i juni 2016.
 - Framtidig organisering av driftsoppgåver som no ligg til stab er avklart medio juni 2019. Det skal utarbeidast kompetanse- og rekrutteringsplan for stab, som inkluderer framtidig kompetanseprofil.
- Vidareutvikle samarbeidet mellom kommunale tenester, NAV, frivillege organisasjonar og lokalt næringsliv for å leggje til rette for god integrering av flyktningar.
- Innan utgangen av 2019 skal det overordna HMS-systemet gjennomgåast og digitaliserast.
- Innan juni 2020 skal ny personvernforordning (GDPR) vere implementert med digitale protokollar og e-læringsopplegg. System for personvern og informasjonssikkerheit skal gjennomgåast og ha eit spesielt fokus i planperioden.



3 Fellesutgifter - fellesinntekter

Drift

Teneste	Beskrivelse	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
	3 FELLEUTGIFTER/FELLESINTEKTER					
1212	GENERELLE PERSONALPOLITISKE TILTAK	1 502 789	1 195 053	1 195 053	1 195 053	1 195 053
1215	GENERELLE ARBEIDSMILJØTILTAK	621 314	846 536	846 536	846 536	846 536
1240	DIVERSE FELLESFUNKSJONAR	8 835 956	8 999 543	8 999 543	8 999 543	8 999 543
1700	ÅRETS PREMIEAVVIK KLP	-10 370 951	-9 682 198	-9 682 198	-9 682 198	-9 682 198
1701	ÅRETS PREMIEAVVIK SPK	391 280	391 280	391 280	391 280	391 280
1710	AMORTISERT PREMIEAVVIK KLP	4 814 000	5 884 800	5 884 800	5 884 800	5 884 800
1711	AMORTISERT PREMIEAVVIK SPK	142 266	142 266	142 266	142 266	142 266
1720	PENSJON	-2 000	-3 530	-3 530	-3 530	-3 530
1730	PREMIEFOND	230 000	230 000	230 000	230 000	230 000
1800	DIVERSE FELLEUTGIFTER	6 440 607	1 492 597	1 492 597	1 492 597	1 492 597
2110	FØRSKULE OG PRIVATE BARNEHAGAR	222 184	226 874	226 874	226 874	226 874
2120	GRUNNSKOLE	148 779	226 625	226 625	226 625	226 625
2343	KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	110 344	226 554	226 554	226 554	226 554
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	729 673	1 055 797	1 055 797	1 055 797	1 055 797
2546	GISKE OMSORGSSENTER	0	265 973	265 973	265 973	265 973
	3 FELLEUTGIFTER/FELLESINTEKTER	13 816 241	11 498 170	11 498 170	11 498 170	11 498 170

Investering

Prosjekt	Beskrivelse	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
1301	OMSTILLING GJENNOM BRUK AV IKT, DIGITALISERING OG NY TEKNOLOGI	4 000 000	2 400 000	1 600 000	1 600 000	1 600 000
1304	EIGENKAPITALINNSKOT KLP	1 250 000	1 300 000	1 350 000	1 400 000	1 450 000
	Sum	5 250 000	3 700 000	2 950 000	3 000 000	3 050 000

Teneste 1212 og 1215

Det blir her m.a. ført løn til tillitsvalde, felles kursutgifter og felles velferdstiltak for tilsette.

Teneste 1240

Under teneste 1240 diverse fellesfunksjonar er det budsjettert med felles utgifter som:

- Felles kontormateriell på rådhuset.
- Bevertning til møter og kurs.
- Utgifter til porto, telefon og datakommunikasjon.
- Kommunen si ansvarsforsikring.
- Lisensar og serviceavtaler for felles IT-program og utstyr.
- Utgifter til leige av kopimaskiner.
- Serviceavtaler for anna teknisk utstyr som felles kopimaskiner m.v.
- Kontingent til Kommunenes Sentralforbund KS
- Overføringar til Sunnmøre Regionråd
- Avskrivningar på felles IT-program / og utstyr.

Teneste 1700 - 1730

Premieavvik og amortisering av premieavvik frå KLP og SPK er budsjettert på ansvar 1300.

Premieavviket er forskjellen mellom innbetalt premie og berekna pensjonskostnad.

Premieavviket er budsjettert med bakgrunn i tal frå Kommunal Landspensjonskasse og Statens Pensjonskasse og avstemt mot samla pensjonskostnad. Premieavviket vert anslått til kr 9 290 918 .Dette er tal som skal budsjetterast som inntekt.

Tilsvarende er amortisert premieavvik berekna til kr 6 027 066.

Sidan det er forskjell mellom premieinnbetaling og berekna pensjonskostnad, vil effekten for Giske kommune bli at likviditeten også i 2018 blir forverra.

Giske kommune sitt akkumulerte premieavvik inkl. arbeidsgjevaravgift ifylgje kommunen sin balanserekneskap var pr. 31.12.2017 på 24 mill. kr og kan ved utgangen av 2019 kome opp i 34 mill. kr.

Dette premieavviket skal utgiftsførast i rekneskapen i løpet av over 15 år for premieavvik oppstått før 2011 og over 10 år for premieavvik oppstått i perioden 2011–2014, og 7 år for premieavvik oppstått frå 2015. Dette forbetrar såleis budsjetbalansen i høve til om kommunen ikkje fordelte dette over dei 7 åra.

Teneste 1800

Under teneste 1800 er det lagt inn andel av forventa lønsauke i 2019 med 0,56%.

Tenestene 2110, 2120, 2343 og 2540

Løn til lærlingar er samla på dette rammeområdet. Giske kommune har 8 lærlingar: 4 i helsefagarbeidarfaget, 3 i barne- og ungdomsarbeidarfaget og 1 kokk. Vi har som dei andre kommunane i regionen ein avtale med Sunnmøre kommunale opplæringskontor om administrasjon av lærlingordninga. Vi får kr 20 000 i tilskot per lærling frå utdanningsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune – og vi søker kvart år Kommunenes Sentralforbund om ytterlegare lærlingtilskot.

Investering

Prosjekt 1301 Omstilling gjennom bruk av IKT, digitalisering og ny teknologi

Det er frå 2019 lagt inn ei nedtrapping av prosjektet, men det vil fortsatt vere behov for investeringar for å utvikle og vere oppdaterte, det er difor lagt inn kr 3 000 000 i budsjettet for 2019, med ei ytterlegare nedtrapping til kr 2 000 000. Dette må til skal vi klare å gjennomføre auka digitalisering. Beløpet vert nytta til investeringar/fornyng av IT-program og tilknytning til felles IKT-prosjekt i e-kommune Sunnmøre.

Prosjekt 1304 Eigenkapitalinskott KLP

I 2019 er det budsjettet med kr 1 300 000 finansiert med overføring av driftsmidlar frå driftsbudsjettet til investeringsbudsjettet. Dette føremålet kan det ikkje lånast til.

Språkavdelinga

4 Diverse tenestekområde

Teneste	4 DIVERSE TENESTEOMRÅDE	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
2111	STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	0	0	0	0	0
2420	SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	1 851 609	2 791 583	2 791 583	2 791 583	2 791 583
2421	FLYKTNINGKONTOR	0	0	0	0	0
2430	TILBOD TIL PERSONAR MED RUSPROBLEM	1 364 946	0	0	0	0
2730	KOMMUNALE SYSSELSETTINGSTILTAK	20 000	20 000	20 000	20 000	20 000
2750	INTRODUKSJONSORDNINGA	0	0	0	0	0
2760	KVALIFISERINGSPROGRAM	1 003 384	513 452	513 452	513 452	513 452
2810	ØKONOMISK SOSIALHJELP	2 236 516	2 297 516	2 297 516	2 297 516	2 297 516
2851	NAV DRIFT - STATLEG DEL	-14 000	-14 000	-14 000	-14 000	-14 000
3250	NÆRINGSKONTORET	1 616 518	1 635 074	1 635 074	1 635 074	1 635 074
3253	JORD- OG SKOGBRUK	523 000	423 000	423 000	423 000	423 000
3610	VILTFORVALTNING	43 000	43 000	43 000	43 000	43 000
	4 DIVERSE TENESTEOMRÅDE	8 644 973	7 709 625	7 709 625	7 709 625	7 709 625

Investering

Prosjekt	Beskrivelse	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
5856	GJØSUND NASJONAL FISKERIHAMN	0	-1 000 000	0	0	0
5856	GJØSUND NASJONAL FISKERIHAMN	0	1 000 000	0	0	0
5856	GJØSUND NASJONAL FISKERIHAMN	0	0	0	0	0

Tenestekområda 3250 – 3253 – 3610 og beredskap

Næringskontoret i rådmannen sin stab arbeider med :

- kommunal beredskap,
- næringsliv og bedrifter: etableringar, samarbeid med næringslivet, utviklingsprosjekt

- saksbehandling (alkoholsaker, motorferdsel i utmark, fonds-støtte og andre nærings-relaterte saker),
- redaksjonsarbeid for nett og media mv.

Strategisk næringsplan er retningsgivende for arbeidet med nærings saker. Verkemiddel er bl.a. bruk av næringsfond , tilrettelegging av byggeklare næringsareal, deltaking i nettverk, prosjektsamarbeid.

Utfordringar:

- Vidareutvikle samarbeidsfora mellom kommune og næringsliv med målsetting om å utvikle nye lokale arbeidsplassar Sikre areal for næringsetablering
- Bygge opp att næringsfondet og tilføre det tilstrekkeleg midlar for økonomisk støtte til oppstart av småbedrifter og prosjektretta nærings samarbeid

Strategisk næringsplan 2016-25:

Resultatmål:

- Fiskerikommunen Giske – tiltak:

1. Utvikle Gjørund som nasjonal fiskeri- og industrihamn gjennom å etablere utviklings selskap i samarbeid med interesser
2. Utvikle den årlege fiskerikonferansen «The Next Wave» saman med Momentum.

- Infrastruktur/transport – tiltak:

1. Bygge ut Gjørund som logistikk-knutepunkt
2. bidra til: etablering av bunkersanlegg for LNG og etablere cluster av teneste-næringar

- Matkommunen Giske – tiltak:

1. Avklare framtidig bruk av landbruksareal i ny kommuneplan,
2. samarbeid med landbruksmynde og Bondelag om landbrukskonferanse

- Kreative næringar, identitet og omdømme – tiltak:

1. Støtte utvikling av kulturnæringsklynga på Øy gardshamna
2. Avklare muleg etablering av atelier / galleri i kommunen
3. Styrke Giske kommune sin identitet og sitt omdømme gjennom aktiv formidling av informasjon og kunnskap om kommunen som arbeidsstad, bustad, kultur- og reisemål.

Teneste 3253 Jord og skogbruk. Teneste 3610 Viltforvaltning

Kommunen kjøper tenester gjennom landbrukskontoret i Haram og tilskot til Sunnmøre forsøksring (kr 30.000). Viltforvaltning har eit samla budsjett på kr 43 000.

Samla kostnad for området er kr 566 000.

Utfordringar i perioden:

Kulturlandskapet er svært stor del av kommunen og krev aktiv forvaltning. Førutseieleg arealforvaltning i samsvar med kommuneplanen sin arealdel.

Resultatmål :

- Gjennomføre synfaringar og gardsbesøk ved behandling av enkeltsaker i landbruksnemnda.
- Rullere kjerneplanen for landbruk
- Reforhandle avtalen om kjøp av landbrukstenester frå Nye Ålesund kommune

Tenestene 2420, 2730, 2760,2810 og 2851

Tenestene vert i vare tatt av NAV Giske. Oppgåvene er til dels forankra i lov, som økonomisk sosialhjelp, og i nasjonale program som kvalifiseringsprogrammet. Desse er førande for kommunen sitt arbeid i høve grupper som treng særskild oppfølging. Giske kommune og NAV Giske har eit tett og godt samarbeid, vi ser at det gjer tenestene kvalitativt betre og heng betre saman. Kvalifiseringsprogrammet og kvalifiseringsstønad må sjåast i samanheng med økonomisk sosialhjelp. Kvalifiseringsprogrammet er regjeringa sitt viktigaste verkemiddel i kampen mot fattigdom. Målet med programmet er å fremje overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet ved hjelp av tettare og meir forplikta bistand og oppfølging, også i dei tilfella vegen fram kan vere relativ lang og usikker.


Teneste 2430, tilbod til personar med rusproblem, er flytta i si heilhet til ramme 7.

Utfordringar i perioden:

- i møtekomme nye oppgåver og krav til tenesteutvikling
- Vedlikehalde og vidareutvikle samarbeidet mellom NAV og kommunen
- Ein ser ein trend i auke i utbetalingane innan økonomisk sosialhjelp

Resultatmål 2019:

- jobbe med alternative tiltak for å halde budsjett innan økonomisk sosialhjelp



5 Oppvekst

Teneste	5 OPPVEKST	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
2110	FØRSKULE OG PRIVATE BARNEHAGAR	78 392 653	80 516 517	80 516 517	80 516 517	80 516 517
2111	STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	4 870 660	7 353 901	7 353 901	7 353 901	7 353 901
2120	GRUNNSKOLE	97 527 051	103 533 287	103 533 287	103 533 287	103 533 287
2121	PEDAGOGISK RETTLEIINGSTENESTE	668 753	728 681	728 681	728 681	728 681
2130	VAKSENOPPLÆRING	659 000	659 000	659 000	659 000	659 000
2150	SKOLEFRITIDSTILBOD	186 874	1 221 668	1 221 668	1 221 668	1 221 668
2220	SKOLELOKALER	16 000	16 000	16 000	16 000	16 000
2230	SKOLESKYSS	1 593 000	1 593 000	1 593 000	1 593 000	1 593 000
Sum	5 OPPVEKST	183 913 991	195 622 054	195 622 054	195 622 054	195 622 054

Investering

Prosjekt	Beskrivelse	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
2302	IKT-UTSTYR SKULAR	600 000	480 000	480 000	480 000	480 000
	SUM	600 000	480 000	480 000	480 000	480 000

Oppvekst skal følgje overordna planar for kommunen, kvalitetsplan for skular og barnehagar, og nasjonale føringar i læreplan og prioriterte utviklingsområde. Nasjonalt og lokalt er digitalisering eit satsingsområde, lokalt med omstilling «Giske 2030.no» og «framtidsskulen.giske.no». Omstilling gjennom digitalisering sikrar barn og unge god og relevant opplæring slik at dei skal greie seg sjølve, no og i framtida. Barnehageområdet aukar på grunn av fleire plassar/barn. Frå skulestart 2018 har regjeringa innført **lærarnormen**, som forskriftsfestar maksimal gruppestorleik i grunnskulen.

Etter opplæringslova har alle rett på tilpassa tilbod (også utan enkeltvedtak) og mange har rett på enkeltvedtak. Framandspråklege har rett på særskilt tilrettelegging. Aukande timetal, årskull og klassetal er kostnadsdrivarar saman med mange store enkeltvedtak.

Investeringsbudsjettet gjør det mulig for skolene å kjøpe inn datamaskiner, robotar og anna utstyr til mellom anna skaparverkstad, koding og digitalisering av opplæringa.

Utvikling i barnetalet

Tabellane nedanfor viser at at vi har stor netto innflytting av barn. Høgre kolonne i tabellane viser netto innflytting i høve til kor mange som vart fødde det aktuelle året.


Barn i førskulealder

Fødselsår	Fødde i kommunen	Buset per 01.01.2018	Netto endring
2017	119	122	+ 3
2016	113	120	+ 7
2015	110	126	+ 16
2014	115	127	+ 12
2013	93	116	+ 23
SUM	550	611	+ 61


Barn i grunnskulealder

Fødselsår	Fødde i kommunen	Buset per 01.01.2017	Netto endring
2012	95	124	+ 29
2011	90	105	+ 15
2010	76	112	+ 36
2009	102	135	+ 33
2008	79	104	+ 25
2007	109	150	+ 41
2006	86	107	+ 21
2005	94	126	+ 32
2004	89	114	+ 25
2003	90	123	+ 33
SUM	910	1200	+ 290

Elevtalsutvikling



Barn i barnehage




Utfordringar i perioden

- Forsvarleg drift med auka oppgåver/barnetal og reduksjon i ressursane.
- Skjerpa krav i lærarnormen frå hausten 2019. Ikkje alle skulane oppfyller denne skjerpa normen
- Digitalisering og rasjonalisering av administrative oppgåver
- Nye arbeidsmåtar med digitale læremiddel og digital kompetanse
- Omfang og kompetanse i forhold til spesialpedagogiske behov, med spissa kompetansekrav til andre tilsette
- Midlertidige lokale ved Valderøy ungdomsskule og Vigra skule. Arealbehovet vil vere det same i fleire år framover
- Uteområda på Vigra og Godøy skule.
- For liten bassengkapasitet, lite og utdatert basseng
- Kompetanseheving i barnehagar (også private) i høve digitalisering og spesialpedagogikk
- Samarbeid på tvers av einingar for barn med særlege behov (språk, læring, psykisk)
- Pedagogtetttheit i barnehagen i følgje ny norm
- Livsmestring i dagens kunnskaps- og informasjonssamfunn skal prege planlegging og gjennomføring av dagen og i kompetansegrunnlaget for dei tilsette

Resultatmål 2019

- Strategiske planar for utvikling av barnehagar og skule - ny kvalitetsplan skal implementerast og gi synlege resultat
- Barnehagar og skular skal vise korleis ressursar og arbeidsmåtar styrkjer inkludering og aktiv deltaking, spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning
- Barn og vaksne skal kvar dag oppleve erfaringar ut frå sine sterke sider, interesser og eigne ressursar
- Barn og vaksne skal kvar dag erfare innhald og varierte arbeidsmåtar som er prega av nysgjerrigheit, utforsking, engasjement og løysingsvilje
- Barn og vaksne skal kvar dag erfare respekt, fellesskap og meistringstru
- Kompetanseutvikling for omstilling knytt til prosjektet realfagskommunen, ny rammeplan for barnehagen (felles prosjekt med Sula), digitalisering og spissa spesialped. kompetanse - bruke kompetansen i faglege nettverk og workshopar.
- Betre tverrfagleg innsats overfor barn som har eit ekstra behov for oppfølging. Bruk av digitale samhandlingsverktøy som "Stafettloggen"
- Legge fram sak om spesialundervisning innan juni 2019
- Ta i bruk og utnytte moglegheitene som ligg i digitale verktøy i administrasjon og organisasjon innan økonomi og personal
- Intensivkurs i lesing, symjing og spesialpedagogiske tiltak ved behov
- Livsmestring i dagens kunnskaps- og informasjonssamfunn skal prege planlegging og gjennomføring av dagen og kompetansegrunnlaget for dei tilsette
- Nye vaksenroller skal avspegle mål om ope sinn (open mindset) og autonome elevar
- Statleg program for vidareutdanning for lærarar - "Kompetanse for kvalitet" - skal framleis ha prioritet



› Barnehagar

Teneste 2110/2111 Kommunale og private barnehagar/styrka tilbod

Tenesteområde 2110 gjeld kommunale og private barnehagar. Teneste 2111 dekkjer styrka tilbod til førskuleborn for alle born i kommunen uavhengig av barnehagetilbod.

I barnehagane er behovet for bemanning avhengig av samansetjinga av barnegruppa. Dersom barnehagen får mange små barn, krevst det fleire tilsette.

Private barnehagar er finansiert av kommunen på linje med kommunale barnehagar, justert for pensjonsutgifter. Utrekning av tilskotssats skjer på grunnlag av rekneskap for kommunale barnehagar to år tilbake, justert med kommunal deflator for kostnadsveksten. I tillegg får dei private barnehagane kapitaltilskot, avhengig av investeringskostnad og alder på bygg.

Tenesteområde 2111 styrka tilbod til førskulebarn er ein viktig del av kommunen sitt arbeid med tidleg innsats og det blir budsjettert med ca. 8,3 mill. Dette dekkjer både spesialpedagogiske tiltak og tilrettelegging for barn med særlege behov.

Teneste 2120 Grunnskule

Dei tre siste åra har kostnadene per elev har gått ned frå 107.176 i 2015 til 105.126 i 2017. Berre 6 kommunar har lågare kostnader enn Giske, mot 14 i 2015.

Dei siste åra har vore prega av prosjekt med ungdomstrinn i utvikling (nasjonalt program), vurdering for læring, realfagskommune og digitalisering. Spesial- og sosialpedagogisk kompetanse har vore prioritert gjennom tverrsektorielle tiltak for barn og unge. Gjennom prosjektet TALK fokuserer vi på elevar med som har lettare diagnosar innanfor autismespekteret, Asperger syndrom eller ASF-H («Autismespekterforstyrrelser, høytfungerende»). Med eit tilpassa tilbod til denne gruppa vil vi redusere og helst unngå den menneskelege og økonomiske belastninga det er når slike elevar fell utanfor og må ha store tiltak, gjerne livet ut.

Det har vore fokusert på tidleg innsats, i første omgang på småtrinn, men med innføring av lærarnormen blir dette utvida til heile grunnskulen. Lærarnormen blir forskriftsfesta og blir innført gradvis. I skuleåret 2018-19 skal det vere maksimalt 16 elevar per lærar i 1.-4. trinn og maksimalt 21 elevar per lærar i 5.-7. trinn og 8.-10. trinn. Dette skal dekkjast gjennom ei vidareføring av midlane til tidleg innsats, som no er ein del av rammetilskotet til kommunen. I 2018 var det samla tilskotet til formålet på om lag 2,3 mill. For inneverande skuleår oppfyller alle skulane normen med ein liten margin. Truleg må ein ha minst to nye årsverk frå hausten 2019.

Giske har etter måten mange elevar med vedtak om spesialundervisning, men gjennomsnittleg årstimetal for elevane er forholdsvis lavt. På oppdrag frå kommunestyret har rådmannen sett ned eit utval for å sjå på korleis ein kan redusere omfanget av spesialundervisninga. Ettersom timeforbruket til spesialundervisning er forholdsvis lavt, er det lite truleg at dette i seg sjølv vil medføre store økonomiske innsparingar. Skulane varslar og nye elevar med behov for store tiltak frå hausten 2019.

Skulane får store utfordringar med budsjettreduksjonane og må ta grep for omorganisering og innføring av nye arbeidsmåtar. Skulestruktur er uendra. Valderøy ungdomsskule har i år fire klasser på alle trinn på grunn av høgt elevtal og elevar med særlege behov. Elles er klasse- og elevtal som tidlegare år. Einingsleiarane varslar om at det blir utfordrande å gi eit forsvarleg tilbod med dei budsjetttrammene som ligg føre.

Vigra skule og Valderøy ungdomsskule har klare utbyggingsbehov, tilbygg/ombygging er kostnadsrekna, men i budsjettet for 2018 var det berre rom for midlertidige lokale i brakker.

Elevtalsutvikling ved skulane i Giske kommune 2011-12 til 2018-19

	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19
Vigra skule	191	189	206	212	211	208	199	200
Valderøy barneskule	329	311	320	314	437	435	436	431
Skjong barneskule	92	103	102	105				
Giske Oppvekstsenter	78	76	90	92	88	88	92	83
Godøy skule	169	173	167	164	180	186	174	190
Valderøy ungdomsskule	251	270	269	276	249	267	266	278
SUM	1110	1122	1154	1163	1165	1184	1167	1182

Elevtal og klassetal 2019.

Skule	2018-19	2018-19	2019-20	2019-20	Vekta snitt 2019	
	Elevar	Klasser	Elevar	Klasser	Elevar	Klasser
Vigra skule	200	11	207	11	203,2	11
Valderøy barneskule	431	21	425	22	428,3	21,5
Giske skule	83	5	84	5	83,5	5
Godøy skule	190	11	198	11	193,6	11
Valderøy ungdomsskule	278	11	264	10	271,6	10,5
SUM	1182	59	1178	59	1180,2	59

NB! «Klassetal» er ikkje bindande men blir brukt i utrekning av omfang – kommunen står fritt til å organisere annleis slik at klasser der elevtalet er t.d. 1 elev over «grensa» blir ikkje automatisk ressursar for ei ekstra klasse. No er det lærarnormen som avgjer.

Symjeopplæring

Det blir gitt eit minimumstilbod i bassenget på Vigra (vårsemesteret). Bassenget over 50 år gammalt og har mindre kapasitet enn behovet er i dag. Bygging av nytt 25 meters basseng med god kapasitet i samsvar med dagens krav er utgreidd men ikkje med i rådmannen sitt framlegg. Kostnadene ved å bruke bassenget blir ført på kvar enkelt skule.

Teneste 2121 Pedagogisk rettleiingsteneste

Tenesta omfattar planlegging, koordinering, støtte til forsøk og arbeid med søknadar om midlar til fylke og stat, oppfølging av einingane sine planar/rapportar, kurs og rettleiing til leiarar, fellesutgifter til kurs (inntekter og utgifter), midlar til kommunalt foreldreutval og interkommunalt arbeid blir også ført her.

Teneste 2150 Skulefritidsordning (SFO)

SFO-tilbodet skal vere eit likeverdig tilbod til alle barn i 1.-4. årstrinn og til barn i 5.-7. årstrinn som har særskilte behov. Kommunen dekkjer ekstra kostnader til barn som har særskilte behov for tilrettelegging. Utover dette skal foreldrebetalinga dekkje kostnadene for tilbodet. Sjølvkost for SFO skal no inkludere utgifter til lokale.

Teneste 2130 Vaksenopplæring

Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for flyktningar og innvandrarak er eit kommunalt ansvar og blir dekt innanfor dette området. Kommunen kjøper tenester frå Folkeuniversitetet, og opplæringa er lagt til tidlegare Valderøy barneskule i tett samarbeid med NAV og flyktningtenesta. Dette gir samla eit meir heilskapleg og samordna tilbod med mål om rask integrering og sparte kostnader.

Kommunen mottok tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for flyktningar og innvandrarak. For kvar person får kommunen kr. 137.550 fordelt over 3 år. (Høg sats for personar som vart busett i kommunen i 2016 og som framleis bur her). Låg sats er kr. 52.700. I tillegg får kommunen grunntilskot som i 2018 var på totalt kr. 575.000. I 2017 hadde kommunen 53 personar mottok kommunen totalt om lag kr. 2,86 mill. kr i persontilskot og kr. 575.000 i grunntilskot.

Grunnskuleopplæring for vaksne er også eit kommunalt ansvar. Denne tenesta blir kjøpt frå Hareid kommune. Kostnader til grunnskuleopplæring og spesialundervisning på grunnskulen sitt område skal dekkast innanfor den kommunale ramma.

Strategisk må omstilling ha høg prioritet både for å gi eit moderne opplæringstilbod av relevant kvalitet og for å sikre god kostnadskontroll innanfor avgrensa ramma. Digitalisering er ein viktig del av kommunen sin strategi saman med tverrfaglege og heilskapelege tilbod.



6 Barn, familie og helse

Teneste	6 BARN, FAMILIE, HELSE	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
2111	STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	2 386 431	2 213 358	2 213 358	2 213 358	2 213 358
2120	GRUNNSKOLE	1 778 445	2 027 406	2 027 406	2 027 406	2 027 406
2130	VAKSENOPPLÆRING	784 928	271 492	271 492	271 492	271 492
2320	FØREBYGGING HELSESTASJONS- OG SKULEHELSETENESTE	5 592 046	5 915 706	5 915 706	5 915 706	5 915 706
2330	FOREBYGGANDE ARBEID, HELSE- OG SOSIAL	707 000	707 000	707 000	707 000	707 000
2340	AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	2 695 908	18 000	18 000	18 000	18 000
2341	PSYKIATRISK DAGTILBOD	6 000	0	0	0	0
2410	DIAGNOSE OG BEHANDLING	8 086 897	8 375 943	8 375 943	8 375 943	8 375 943
2411	FYSIO-/ERGOTERAPITENESTE	2 781 650	3 823 240	3 823 240	3 823 240	3 823 240
2412	PSYKISK HELSEVERN	2 645 683	1 709 717	1 709 717	1 709 717	1 709 717
2413	FRISKLIVSSENTRAL	106 804	94 855	94 855	94 855	94 855
2420	SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	3 000	-72 000	-72 000	-72 000	-72 000
2440	BARNEVERNTENESTE	4 607 951	4 880 985	4 880 985	4 880 985	4 880 985
2510	BARNEVERNTILTAK I FAMILIEN	1 278 300	1 185 146	1 185 146	1 185 146	1 185 146
2520	BARNEVERNTILTAK UTANFOR FAMILIEN	6 874 954	6 817 533	6 817 533	6 817 533	6 817 533
Sum	6 BARN, FAMILIE, HELSE	40 335 997	37 968 381	37 968 381	37 968 381	37 968 381

Teneste 2111, 2120. Pedagogisk-psykologisk teneste, logopedteneste.

Talet på brukarar PPT:om lag 350 aktive saker, om lag 25 på venteliste. Kommunelogoped har omtrent 100 saker pr. år.

Årsverk: 4

Auka ressursen med 40% stilling i PPT, totalt i tensta fire 100% rådgjevarstillingar. I tillegg blir det kjøpt tenester tilsvarande 50% stilling som rådgjevar for å hindre fristbrot. Vi vurderer at det også i 2019 vil vere behov for å styrke ressursen i tenesta. Det har enno ikkje vore mogleg innafor dagens ramme å gjennomføre vedtaket om oppretting av fleire faste rådgjevarstillingar i tenesta. Talet på brukarar som har venta lenger enn fristen er p.t. 25. Nytt fagprogram med fullelektronisk arkiv er teke i bruk frå september 2018.

Teneste 2320 Helsestasjon og skulehelsetenesta

Tal på brukarar: helsestasjon 1800, jordmor 80 pr. 28.09.18.

Årsverk: 7,5 faste og 2,5 engasjement

Helsestasjon med skulehelsetenesta og jordmortenesta har fått tilført ressurser siste året på grunn av tilskotsmidlar som har som føremål å styrke skulehelsetenesta og jordmortenesta. Styrking av skulehelsetenesta er ei nasjonal satsing på styrking av psykiske helsetilbod til barn og unge og skulehelsetenesta kan no vere meir til stades på skulen. Styrking av jordmortenesta med 30%, totalt 1,3 årsverk, er viktig for å kunne følge opp barselkvinner som i dag blir mykje raskare utskrivne frå sjukehuset. Ein del av tilskotet er øyremerka kompetanseheving i tenesta. Totalt har vi motteke 1,2 mill i tilskot i 2018, men det har vore utfordringar med å rekruttere tilsette med helsesøsterutdanning.

Teneste 2330 Førebyggjande arbeid helse og sosial

Kommunen sin del av kostnadene til krisesenter, overgrepsmottak og deltaking i Mission Possible utgjorde i fjor kr. 721.592, for inneverande år er det sett av kr 692.000. Budsjettet frå Ålesund kommune for neste år ligg ikkje føre endå, men det er grunn til å tru at kostnadene vil bli om lag kr 740.000 neste år. Grunna manglande rammer budsjetterer ein med same sum som i år.

Overføring til private blir på same sum som inneverande år. Støttesenter mot Incest, Amatheia og Kirkens SOS blir tilgodesett med kr 5000 på kvar.

Teneste 2410 Diagnose og behandling

Tal på pasientar med fastlege i Giske: om lag 7500

Årsverk: 8 fastlegar, 1 turnuslege

Vi har framleis god legedekning etter oppretting av den siste fastlegeheimelen i 2016. Det er framleis litt ledig kapasitet på 2 av listene, men på grunn av folkeveksten i kommunen må vi truleg i nær framtid opprette enda ein ny fastlegheimel. Legegruppa er relativt stabil, men det er generelt vanskeleg å rekruttere til vikariat og faste stillingar når det er aktuelt. I dag har vi ledig eit vikariat og ei fast stilling. Dersom vi må bruke vikarbyrå for innleige vil det bety store utgifter, om lag kr 75.000 pr. mnd. Prosjektarbeidet med utgreiing av framtidig drift av legesenteret vil også føre til auka utgifter. Driftskostnader til legekantoret på dagens ramme er underbudsjettet og det er forventa auke i utgiftene til drift i økonomiplanperioden. Utgifter til interkommunalt samarbeid som drift av Krisesenter og nattlegevakt har også auka.

Teneste 2411 Fysio- og ergoterapiteneste

Tal på brukarar: Fysioterapitenesta om lag 280, ergoterapi 70

Årsverk: 7

7 årsverk, inkl. 100% stilling som vaktmeister og 3,56 stillingar i Kvardagsrehabiliteringsteamet. Det er politisk vedtak på at prosjektet skal videreførast som ei fast teneste, men manglar fullt ut budsjettdekning for stillingane. Kommunen har driftsavtale med to privatpraktiserande fysioterapeuter. Arbeidet i kvardagsrehabiliteringa skal gi effekt på drifta i ramme 7.

Teneste 2413 Frisklivssentral

Frisklivssentralen har fysioterapeut i 20% stilling.

Teneste 2412 Psykisk helseteneste, herunder psykisk helseteam barn og unge

Tal på brukarar: 75

Årsverk: 3, inkl. 100% stilling som kommunepsykolog.

Prosjekt psykisk helseteam barn og unge (PHBU 2015- 2018) er no i sluttfasen. I Økonomiplan for 2018-2021 er det vedteke at prosjektet PHBU skal etablerast som ei fast teneste etter prosjektperioden. Det er lagt inn halv dekking av lønsmidlar til to fagstillingar i teamet. Tenesta vil søkje ulike prosjektmidlar og tilskot for å kome i balanse. Psykologstillinga er oppretta som fast stilling noko som er ein føresetnad for å få tilskot til etablering av kommunepsykolog. Tilskot til finansiering av kommunepsykologstilling vil truleg bli avkorta neste år og vi får auka utgifter til finansiering av stillinga. Ressursen i teamet vil også bli brukt til å bidra med kompetanse inn i Betre Tverrfagleg Innsats-prosjektet (BTI) som er ei viktig satsing for å nå målet om betre koordinerte tenester.

Teneste 2130 Vaksenopplæring

Tal på brukarar: 13

Årsverk: 1,08 der 28% stilling inngår i grunnbemanninga i PPT.

Vaksenopplæringa er eit dagtilbod til brukarar i alle aldrar med særskilt behov for opplæring. Ressursane blir samordna med dagtilbodet Kingelveven.

Teneste 2510-2520 og 2440 Barneverntiltak og barnevernsteneste

Tal på brukarar: 103 med tiltak ved halvårsrapportering i juni 2018.

Årsverk: 8, inkl. avdelingsleiar/barnevernleiar, 40% stilling som merkantil.

O fristbrot i undersøkingssaker hittil i år.

Barneverntenesta har søkt om tilskot til finansiering av kompetanseheving i tenesta. Vi har i 2018 gjennomført fleire kompetansehevande kurs som gjer at tilsette kan tilby meir endringsbaserte tiltak. Interkommunal barnevernvakt har vore i drift sidan 01.04.18. Erfaringa så langt er positiv ved at vi no har ein stabil beredskap for utsette barn og unge. Tenesta har tatt i bruk Mobilt barnevern, som skal auke kvaliteten på tenesta. Etter ein periode med utfordringar med tekniske løysingar, fungerer dette mykje betre.

Teneste 2520, Kjøp av tenester frå staten, denne er underbudsjettet i år og det er grunn til å tru at den også vil bli det neste år. Ein finn ikkje midlar i budsjetttramma til å styrke posten. Kostnad for opphald i institusjon har auka og vil bli dyrare etter som kommunen skal ta meir av utgiftene dei neste åra.

Utfordringar i perioden:

- Eininga har stillingar oppretta av tilskot og prosjektmidlar innan kvardagsrehabiliteringsteamet og psykisk helseteam barn og unge. Det vart i økonomiplan 2018-2021 vedtatt at desse tenestene skal vere faste tenester i kommunen etter prosjektet vert avslutta. Det er lagt inn halv dekking lønsmidlar i budsjettet. Det vert behov for å søkje prosjektmidlar og tilskot for å få budsjett i balanse.
- Rekruttering av tilsette med naudsynt kompetanse for å løyse stadig fleire oppgåver som blir overført frå spesialisthelsetenesta til kommunalt nivå.
- Auke tal på born og unge med behov for omfattande helse- og omsorgstenester.
- Lovere lovpålagde tenester innan budsjetttramma.

Resultatmål 2019:

- Utarbeide kompetanselan for alle tenesteområda for å nytte kompetansen meir effektivt.
- Omstilling til meir digitalisering av tenestene for meir effektiv drift. Digitale sjølvhjelpsverky må etablerast.
- Det skal ikkje vere fristbrot i saksbehandlinga i barnevernstenesta.
- Kapasiteten i fastlegeordninga skal vere tilstrekkeleg til å sikre alle innbyggjarar fastlege gjennom heile 2019.

- HMS-arbeid med NED-satsinga for å nå målet om å halde sjukefråveret under 5%.



7 Pleie og omsorg

Teneste	7 PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
2130	VAKSENOPPLÆRING	0	551 941	551 941	551 941	551 941
2340	AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	-21 722	3 423 858	3 423 858	3 423 858	3 423 858
2343	KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	190 724	815 887	815 887	815 887	815 887
2344	KAFEDRIFT	0	0	0	0	0
2412	PSYKISK HELSEVERN	0	1 272 630	1 272 630	1 272 630	1 272 630
2421	FLYKTNINGKONTOR	1 660 622	1 557 567	1 557 567	1 557 567	1 557 567
2430	TILBOD TIL PERSONAR MED RUSPROBLEM	0	1 182 433	1 182 433	1 182 433	1 182 433
2530	PLEIE, OMSORG, HJELP I INSTITUSJON	6 373 870	6 686 489	6 686 489	6 686 489	6 686 489
2531	INSTITUSJONSKJØKKEN	246 494	365 842	365 842	365 842	365 842
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	50 076 252	53 925 512	53 925 512	53 925 512	53 925 512
2541	BUFELLESSKAP PSYKIATRI VALDERØY	7 539 974	9 319 807	9 319 807	9 319 807	9 319 807
2542	NATTENESTE HEIMEBASERT OMSORG	5 972 577	3 954 966	3 954 966	3 954 966	3 954 966
2543	AVLASTNING	248 785	497 668	497 668	497 668	497 668
2544	BRUKERSTYRT PERSONLEG ASSISTENT	5 157 018	4 707 018	4 707 018	4 707 018	4 707 018
2545	RESET BUFELLESSKAP - DRIFT	79 000	79 000	79 000	79 000	79 000
2546	GISKE OMSORGSSENTER	19 986 643	21 234 497	21 234 497	21 234 497	21 234 497
2547	VIGRA OMSORGSSENTER NORDSTOVA	1 404 719	1 876 105	1 876 105	1 876 105	1 876 105
2548	BUFELLESSKAP FUNKSJONSHEMMA	15 813 861	19 108 862	19 108 862	19 108 862	19 108 862
2549	KVARDAGSREHABILITERING OG VELFERDSTEKNOLOGI	0	75 744	75 744	75 744	75 744
2650	OMSORGSBUSTADAR	23 496	23 496	23 496	23 496	23 496
2750	INTRODUKSJONSORDNINGA	3 445 000	4 330 800	4 330 800	4 330 800	4 330 800
Sum	7 PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	118 197 313	134 990 122	134 990 122	134 990 122	134 990 122

OVERSIKT OVER BRUKARAR AV OMSORG TENESTER 2010 – 24.07.2018

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Brukarar m/ten *	448	462	448	466	500	510	531	734	719
Ant tenester	1 560	1 690	1 760	1 923	2 185	2 185	2 506	2 820	2 322

Einingane Valderøy omsorgsdistrikt, Vigra, Giske og Godøy omsorgsdistrikt, ny eining Meistring og psykisk helse og tildelingskontoret yter tenester innan ramme 7.

Teneste 2343, 2530-2532 Storkjøkkenet:

Storkjøkkenet leverer tenester til institusjon, bufellesskap, bukollektiv og heimebuande. I tillegg til dette samarbeider kjøkkenet med sentralkjøkkenet i Ålesund. Samarbeidet går førebels ut på å lage små rettar til lunsj. Kjøkkenet sel også tenester i høve mat til møter, kurs og liknande i kommunal regi. Kjøkkenet arbeider også med andre tiltak for å auke inntektene. Tenesta utvikler seg kontinuerleg i høve behov, nye krav og samarbeider tett med andre tenester. Tenesta har tatt i bruk digitalt bestillingsverktøy som effektiviserer og kontrollerer matbestillinga, reduserer matavfall, tid og kostnader.

Teneste 2540-2549 Heimebaserte tenester (HBO):

Det vert levert heimebaserte tenester til brukarar i bukollektiv, bufellesskap, omsorgsbustader og i eigen heim. Heimebaserte tenester vert levert som kvar dagsrehabilitering, brukarstyrt personleg assistent (BPA), velferdsteknologi, heimesjukepleie, praktisk bistand, omsorgsløn og tryggleiksalarm. HBO er den største tenesta innan omsorg og vert gitt til brukarar i alle aldrar. Det vert kontinuerleg arbeid med kvalitet- og tenesteutvikling, tverrfagleg samarbeid og nytte ressursane på best mogleg måte. Gode heimebaserte tenester reduserer behov og press på heildøgnsbemanna bustadar. Kostnadene til ressurskrevjande brukarar og BPA har auka dei siste åra, det er også desse tenestene som har den største auka i neste års budsjett med om lag 6,1 mill. Det er vanskeleg å budsjettere for desse tenestene, då nye brukarar kjem til i løpet av året. Prosjekt kvar dagsrehabilitering og velferdsteknologi vart rulla ut som fast teneste juni-18. Kvardagsrehabiliteringsteamet er flytta til ramme 6 og ligg under fysio-ergo avdelinga. Effekt av tenesta skal ligge til ramme 7. Frå 1.1.2019 vert velferdsteknologisk plattform med digitale tryggleiksalarmar og digitale kamera tatt i bruk. Ny alarmsentral vert knytt opp mot desse tenestene. Det vert eit spennande arbeid og ein forventar positive effektar på ressursbruk, tidsbruk og kvalitet på tenestene. Når innbyggjarar søker tenester innan omsorg, vert velferdsteknologi det første ein vurderer inn som teneste. Giske kommune har tatt i bruk smarte dører ved dementavdeling, digitalt tilsyn, GPS, digital innbyggjardialog og montert omlag 150 elektriske dørlåsar hjå brukarar som bur heime. Det er krav til større effektivisering, omstilling, endringar og justeringar til neste år og åra framover og at tenesta skal vere økonomisk bærekraftig. Ny tilleggssats i turnusordninga vil auke lønsbudsjettet i ramme 7 med om lag 2,2 mill. Giske kommune er med i arbeidet kring Helseplattforma, ei felles journalløysing for Helse Midt Norge, kommunene og fastlegekontora i heile Midt Norge. Målet her er 1 pasient 1 journal.

Teneste 2530 Pleie, omsorg, hjelp i institusjon

Giske kommune har 8 institusjonsplassar ved dementavdeling Vigra omsorgssenter. Tenesta arbeider med tenesteutvikling, tverrfagleg samarbeid både innan i kommunen og med helseføretaket, og tar i bruk digitale og teknologiske hjelpemiddel som til dømes smarte dører ved dementavdeling.

2340 Aktivisering av eldre og funksjonshemma

Tal på brukarar: 13 på Kingelveven og om lag 40 i sosiale tenester. Årsverk: 2,80

Dei fleste brukarane av tilbodet på Kingelveven har også tenester frå Vaksenopplæringa. Talet på søkjarar om støttekontakt- og avlastningsordningar er stabilt. Fleire klagesaker til Fylkesmannen fører ofte til at vi må auke timetalet pr. mnd. Utfordringa er å gi eit tilbod som er forsvarleg samstundes som vi må vere restriktive på grunn av nedskjeringar i budsjettet for å få budsjettet i ramma i balanse.

Dagtilbodet ved Giske omsorgssenter har ein fast tilsett i tillegg til prosjektstilling. Prosjektstillinga er finansiert av midlar frå Helsedirektoratet, det vil bli søkt prosjektmidlar også for 2019. Dagavdelinga har tilbod tre dagar i veka. Tal brukarar varierer mellom 15 og 40 og kjem frå heile kommunen. Frivillige utgjer eit viktig bidrag i drift av tenesta og gjer det mogleg å ta i mot 40 brukarar onsdagar når det er bingo. Nasjonalt krav om dagtilbod for demente vert dekkja i dette tilbodet. Vi fortset likvel med å sjå på alternative dagtilbod for demente i kommunen. Kafèdrift tirsdagar, tilbod drive av brukarar ved Gudmundvegen og Skomakarvegen.

Teneste 2430, 2412 Rus- og psykisk helseteneste

Psykisk helseteam for vaksne og rusteam

Tal på brukarar i psykisk helseteam, 85 pr.01.09.18.

Årsverk: 6,3 faste stillingar inkl. kommunepsykolog og inkl. 2 ruskonsulentar frå 01.09.18.

Psykisk helseteam er flytta frå ramme 6 til ramme 7, ny eining Meistring og psykisk helse. Rustenesta er flytta frå ramme 4 til ramme 7, eining Meistring og psykisk helse. Samla er det flytta over kr 6.043.000 til ramme 7. Psykisk helseteneste har fram til 01.10.18 hatt 2,4 stillingar til drift. 40% av stillinga til kommunepsykologen går til systemretta arbeid. Behov for tenesta har auka mykje dei siste åra, dette har mellom anna ført til ventelister og opp til 6 mnd ventetid på å få hjelp. Frå 01.10.18 vil situasjonen betre seg ved ny 100% stilling, dekkja av tilskot. I tillegg er vi i gong med å rekruttere 2 100% stillingar som engasjement, dekkja av tilskot på 1,5 mill til Rask psykisk helsehjelp (RHP). Dersom vi lukkast med rekrutteringa vil ressursen i teamet vere betre rusta til å møte den store etterspørselen etter tenesta. I 2017 hadde vi ei auke i tilvisingane på 70%. Den største auka kjem frå brukarar med milde til moderate lidningar med angst og depresjon som hovudutfordring. Dette blir av Folkehelseinstituttet vurdert som ein av våre største helseutfordringar og lav terskel for tilgang på helsehjelp betyr mykje for å hindre forverring og dempe etterspørselen etter tilbod i spesialisthelsetenesta. Dette er i tråd med måla i samhandlingsreforma der kommunen har fått eit større ansvar for helsetenester til denne målgruppa. Ved hjelp av tilskot til RHP skal alle tilsette i teamet gjennomføre eit felles etterutdanningsopplegg i kognitiv terapi. Vi arbeider med omstilling til meir digitale sjølvhjelpsverktøy for å kunne bli meir effektive og for å møte veksten i tenesta. Å yte teneste ein til ein vil framover bli altfor ressurskrevande til at vi greier å hjelpe alle med behov.

Teneste 2421 Flyktingtenesta

Flyktingtenesta er organisert under tildelingskontoret og har ansvar for busetting og arbeid knytt til introduksjonsprogrammet. Tenesta tok i mot 10 flyktingar i 2018 og vi antek at det vert om lag 10 nye flyktingar i 2019, dette er lagt inn i budsjettet. Tenesta arbeider tett med NAV, vaksenopplæringa og andre aktuelle tenester som oppvekst, frivilligsentralen og helsestasjonen. Ansvaret for ei god integrering ligg til heile organisasjonen.

Teneste 2750 Introduksjonsordninga

Målet med introduksjonsordninga er å få flyktningane raskt ut i arbeid eller utdanning, som er avgjerande for deltaking i samfunnet og økonomisk sjølvstende. Ordninga er ei lovpålagt oppgåve for kommunane. Pr. oktober 2018 hadde vi 27 flyktningar som fell under denne ordninga. Tenesta var for lavt budsjettert i 2018. Det er lagt inn ei auke i budsjett 2019 med 1 mill.

Utfordringar i perioden:

- Det er ikkje lagt inn full dekking i budsjettet til drift av 20 heildøgnsbemanna bustadar.
- Rekruttere sjukepleiekompetanse er og vert framover ei stor utfordring, konkurransedyktig løn vert viktig.
- Usikkerhet i høve vekst i ressurskrevjande tenester og BPA
- Auka press på avlastningstenesta, korttidsplassar og langtidsplassar
- Auka press på heildøgns plassar for menneskjer med demens.
- Auke i tal brukarar og gitt tenester
- Oppgåveoverføring frå spesialisthelsetenesta. Brukarane er dårlegare og vert tidlegare utskrivne enn tidlegare
- Auke i tal barn og unge med ulike utfordringar som har behov for tilrettelagt bustad og tenester
- Stor auke tal brukarar innan psykisk helseteneste
- Krav om mottak av utskrivingsklare pasientar innan rus og psykiatri frå 01.01.2019. Om vi ikkje klarer dette vert det bot på om lag kr 4.200 pr.døgn.

Resultatmål 2019

- Opprette dagavdeling for personar med demens knytt til Vigra omsorgssenter innan des-19
- Auke kompetanse i demensomsorg,
- Ombygging avd. Skoglyved Vigra omsorgssenter – Skjermingsrom
- Rekruttering og kompetanseauke innan autismespekteret
- Implementere velferdsteknologi som ein del av tilbodet i omsorgstenestene, skal vurderast først som teneste.
